


Berekrafttrapport 2023



Innhold




OM OSS

- Om rapporten, vår historie og organisasjon
- Verdigrunnlag og strategiske fundament
- Vesentlege berekraftområde og dialog med interessentar
- Eigarstyring og selskapsleiing
- Dagleg leiar om året og framtida



FOLK

- Våre tilsette
- Ein trygg plass å arbeide
- Samfunnsansvar og engasjement
- Sunn og trygg mat



FISK

- God fiskehelse og -velferd
- Vill laksefisk og biologisk mangfald
- Vår påverknad på økosystem




FJORD

- Karbonavtrykk frå vår laks
- Sirkulær bioøkonomi og avfall
- Vatn og utslepp



FRAMTID

- Klimarisiko og tilpassing
- God forretningsskikk
- Spring i verdikjeda



ÅRSREKNESKAP

- Årsberetning frå styret
- Årsrekneskap
- Beretningar frå revisor
- GRI Index

Om oss



Om rapporten

Eide nyttar GRI Standardane for årleg frivillig rapportering på berekraft. Standarden omfattar både den økonomiske, miljømessige og sosiale dimensjonen av berekraft knytt til eit selskap sine aktivitetar og produkt. Etter vårt syn er rapporten i det aller vesentlegaste konsistent med GRI sine rapporteringsprinsipp.

Deler av rapporten er revidert av eksterne, uavhengige revisorar. Dette gjeld Årsrekneskapen, klimaregnskapet etter GHG-standarden og GRI 305, samt GRI-indeksen som er revidert etter ISAE 3410 og ISAE 3000. Revisors beretningar er inkludert i rapporten.

GRI er delt i universelle standardar, bransjestandardar og tema-standardar. Dei universelle standardane gjeld for alle selskap, medan dei bransjebaserte gjeld selskap i den aktuelle bransjen og emne-standardane gjeld der dei aktuelle emna er vesentlege.

Vår GRI indeks-tabell er inkludert i denne rapporten og inneheldt referansar til kvar i rapporten eller på nettsidene våre ein kan finne informasjon om dei ulike GRI krava. Indeksen inneheld og opplysningar om eventuelle utelatne opplysningar, og årsaka til at opplysningane er utelatne. Alle referansar til delkapittel eller sidetal viser til denne rapporten. Rapporteringsperioden for denne rapporten er frå 1.1.2023 – 31.12.2023 og rapporten vært publisert og godkjent av styret saman med årsrekneskapen. Spørsmål til rapporten kan rettast til vår Berekraft- og økonomisjef, Christoffer Marøy.



Vår historie

Eide-familien har ein tradisjon for matproduksjon som strekkjer seg attende til 1600-talet. I over 50 år har me vore med og bidrege til utviklinga av den norske oppdrettsnæringa. Vårt perspektiv har alltid vore langsiktig, det skal det fortsetje å vera.

1600



Hovudbruket på Eide var delt i to, Andersbruket og Johanebruket. Eide-familien stammar frå Johanefolket.

1917



Knut Johan Johanson Eide overtok husmannsplassen «Luren», urydda og ubygd.

1951



Jordskifte på Luren.

1972



Knut Johan Eide starta oppdrett av regnbogeure i Skogseidvatnet

1978



Knut Johan Eide starta oppdrett av laks i Skogseidvatnet

1988



Knut Frode Eide starta oppdrett i sjø. Året etter gifta han seg med Randi som og starta i firmaet.

1994



Åra det snudde, Eide Fjordbruk hadde sitt første år med solid overskot

2009



Selskapet overtek Fyllingsnes Fisk og får tilgang på nye lokalitetar og løyve

2016



Etter årelang kamp mot staten får Eide tildelt fire nye løyve som kompensasjon for løyve dei skulle fått i 2009.

2018



Eide er kåra til årets Gasellebedrift, og gründer Knut Frode gjekk vekk etter åtte års kamp mot kreft. Sondre Eide overtek roret.

2019



Eide Fjordbruk satsar stort på ny teknologi med tubenøter, beredskapsfartøy og sensorikk. Salmon Eye får innvilga løyve.

2020



Byggestart på setjefiskanlegget Ænes Inkubator

2021



Satsing på nye førråvarer gjennom selskapet NorForsk og nye lokalitetar i Nordfjord

2022



Opning av visnings-senteret Salmon Eye

2023



Opning av restauranten Iris

Tre generasjoner



Første generasjon lakseoppdrettar

Knut Johan Eide var major i forsvaret og gjekk under kallenamnet «Majoren». Det var lang veg å pendle frå Hålandsdalen til forsvaret i Bergen. Ynskje om å finne noko å leva av nærare heimen var difor sterkt.


Jorda var derimot skrin, så etter fleire mislukka forsøk starta Knut Johan Eide med oppdrett av regnbogaure i Skogseidvatnet i 1971, motivert av mellom anna Magne Bolstad, ein annan laksepionér i regionen. Seinare gjekk han over til å produsere laksesmolt i vatnet, ei verksemd som framleis heldt fram den dag i dag under namnet KJ Eide Fiskeoppdrett til minne om Knut Johan. Hovudkontoret til Eide ligg òg ved Skogseidvatnet i dag.



Andre generasjon lakseoppdrettar

Son til Knut Johan, Knut Frode Eide, hadde ei lovande karriere i oljenæringa, men sa opp stillinga for å satse på laks i 1984. Med dobbel arbeidsmengd og halv løn var det få som forstod valet, men Knut Frode såg tidleg potensialet i oppdrettsverksemda. I 1985 reiste Knut Frode framleis på enkeltturar i Nordsjøen for å spe på inntekta.

I 1988 pantsette Knut Frode huset for å få på plass finansiering til å starte med oppdrett av laks i sjø i Hardangerfjorden. I 1993 fekk selskapet tilgang på ein ekstra konsesjon og kunne med det auke produksjonen betydeleg. Saman med kona Randi Herre Eide utvikla Knut Frode selskapet til å bli ei solid bedrift med åtte sjølokalitetar. Eide Fjordbruk var ein stor del av livet til Knut Frode, så når han i 2018 måtte gje tapt etter åtte års kamp mot hjernekreft var det eit stort tap for både familien, verksemda og dei tilsette.



Tredje generasjon lakseoppdrettar

Sondre Eide overtok stafettpinnen etter Knut Frode i 2018 og styrer i dag verksemda vidare i Knut Frode si ånd, mot framtida. Der Knut Frode tok verksemda frå vatnet til sjøen, tek Sondre verksemda vidare ut i verda og opp i skya med spanande satsingar på ny miljøteknologi, visningssenteret Salmon Eye og restauranten Iris. Selskapet har under Sondre si leiing og tatt steg for å komme nærare kunden, med eigarskap i slakteri og eige salsselskap.

Med seg på laget er òg ei rekkje andre medlemmer av Eide-familien. Mor Randi Eide er kontorleiar og styreleiar i konsernet, medan Erlend Eide, bror til Sondre, er teknisk sjef og leiar for FoU i verksemda. Kona Jennifer Eide har stillinga som analysesjef, medan fjerde generasjon framleis er i barnehagen.

Vår visjon og vårt føremål

Vår visjon

Sette standarden for framtidens havbruk

Vårt formål

Å produsere sunn og god sjømat for verdens folk, med lågast mogeleg fotavtrykk

Vår visjon

Vår visjon er å sette standarden for framtidens havbruk. Som eit familieeigd selskap med lang historie er det viktig for oss å drive på ein måte som gjev oss anledning til å drive langsiktig, slik at me kan vidareføre familiebedrifta til neste generasjon i endå betre stand enn då me overtok.

Eide er ikkje blant dei største og kan ikkje vinne på volum, men me kan strekke oss for å bli best på mange andre område. Vår visjon handlar om dette. Me vil gå i front og vere eit eksempel for etterfølging. Me vil produsere mat i sjøen på ein berekraftig måte for framtida og kommande generasjonar. Me bryr oss om kvarandre, fisken vår, og miljøet me driv og lever i.

Me er òg veldig klare på at me trur framtida for laks i Noreg er i sjøen, og at det er fjordane våre og det reine vatnet vårt som er vårt viktigaste fortrinn i konkurransen med pengesterke aktørar i utlandet. Samtidig tek me utfordringane med dagens opne merdar på alvor, og innser at me treng nye løysingar for å få bukt med særleg utfordringa knytt til lakselus. Derfor vil me investere i å vidareutvikle dagens driftsform i sjø gjennom å satse heilhjarta på å utvikle og ta i bruk ny og lusefri teknologi for oppdrett i sjø.

Vårt formål

Misjonen vår, vårt formål, er å produsere sunn og god sjømat for verdens folk, med lågast mogeleg fotavtrykk. Me forstår at alle ikkje kan ete laks til middag, men me dristar oss likevel til å påstå at me kan, og vil, gjere ein forskjell. Me trur at vår nye teknologisatsing, Watermoon®, med lukka merdar, fri for lus og parasittar, skjerma for vêr og vind, og utan påverknad på botnen under anlegga, vil utgjere eit paradigmeskifte for akvakultur. Kanskje kan me òg nytte denne teknologien på andre artar i varmare farvatn. Kanskje kan me nytte slammet me samlar opp som mat for andre artar?

Desse tankane er òg inspirasjonen og drivkrafta bak Salmon Eye, eit unikt flytande kunstverk og visningssenter med mål om å fremja berekraftig matproduksjon i sjø gjennom opplevingar og diskusjon på tvers av skyttargraver og fagområde, basert på uavhengig og faktabasert informasjon. Inne i Salmon Eye ligg òg restauranten vår Iris, som er vår spydspiss innanfor innovasjon på mat, med unike råvarer og smaksopplevingar. Her vil me utfordre gjestane våre til å prøve nye råvarer og smakar, presentert gjennom ein ekspedisjonsmiddag.



Verdigrunnlag og strategisk fundament

Vår visjon

Set standarden
for framtidens havbruk

Vårt motto

Da viktigaste é å ha da gøy!

Våre løfter og fokusområde

FOLK



Me tek vare på kvarandre
og har det kjekt i lag

- HMS, trivsel og helse
- Sunn og trygg mat
- Bidra til levande bygdesamfunn



FISK



Me skal setje kvalitet og
fiskevelferd i sentrum

- Fokus på fiskehelse- og velferd
- Redusere bruk av medisin og kjemikaliar
- Handtering og kontroll av lakselus



FJORD



Me skal drive ansvarleg og
miljøbevisst produksjon

- Unngå rømming
- Minimere karbonavtrykk
- Redusere utslepp og avfall



FRAMTID



Me skal investera i
framtidens havbruk

- Utvikling av ny teknologi for framtidens havbruk
- Forsking på nye fôrråvarer
- Lønnsam drift



Våre verdier

Samarbeidsvillig

Me gjer kvarandre gode og deler kunnskap og erfaring på tvers. Me støttar kvarandre og deler kjensler for fisken, fjorden og bygdene.

Uredd

Me har viljestyrke, fokuserer på det me kan påverka og gjev oss ikkje. Me tør å gå våre egne vegar og feile undervegs

Påliteleg

Me har tillit til kvarandre og er lojale mot selskapet og mot kvarandre. Me står for det me seier og gjer, og leverer på det me har lova.

Nytenkjande

Me verdset mangfald og kreativitet, der dei beste idéane skal vinne fram. Me tenkjer utanfor boksen, og lyttar til dei som er nærast utfordringa.

Vår strategi



Strategisk mål

Me skal, gjennom satsing på økologisk laks og eigenutvikla teknologi med minimal miljøpåverknad, produsere og selje over 33 000 tonn laks med auka lønsemd innan 2028.



Vekst i volum

Me skal vekse på ein lønsam og berekraftig måte gjennom ein kombinasjon av forbetringar i produksjonen vår og ny kapasitet på lokasjonar øyremarka for lukka og nedsenka anlegg i sjø, frie for lus.



Lukkast med lukka

Me skal lukkast med ny, berekraftig og lusefri teknologi for oppdrett av laks i sjø. Vårt mål er at produksjonen i våre lukka Watermoon® anlegg skal være betre enn i våre beste opne anlegg.



Best på berekraft

Me skal være den mest berekraftige sjømat-produsenten. Me skal arbeide for å ha lågast karbonavtrykk per kilo, og drive innanfor unntaket for berekraftig vekst uavhengig av miljøstatusen i regionen i trafikklyssystemet.



Kunde og marknadsfokus

Me skal produsere og levere den fisken som kunden vil ha, med riktig storleik, til rett tid og til riktig kunde. Me skal bygge marknad og merkevare tufta på Eide si historie og unike kapasitetar innanfor teknologi, kvalitet og berekraft.



Eit Eide

Me skal bygge vidare på vår felles stoltheit og konkurranseinstinkt og fremje eitt lag med felles kultur og verdiar, som samarbeider og støttar kvarandre, bygger på kvarandre sine styrkar, og delar oppturar og nedturar i lag.




Vår organisasjon

Morselskapet i Eide Family-konsernet er Eide Fjordbruk Holding AS. Eide-konsernet er kontrollert av Eide-familien ved Randi Herre Eide, Sondre Eide, Erlend Eide og Bjørg Marit Eide gjennom deira respektive holdingselskap. Hovudkontoret til konsernet ligg i Hålandsdalen i Bjørnafjorden kommune. All verksemda skjer i Norge.

Matfiskproduksjonen i sjø skjer i dotterselskapa Eide Fjordbruk AS og Norforsk AS. Settefiskproduksjonen skjer i dotterselskapet Eide Smolt AS, samt i det tilknytte selskapet Ænes Inkubator AS. Salmon Eye AS drifrar konsernet sitt visningssenter Salmon Eye® og restauranten Iris. Slakteriverksemda skjer i det tilknytte selskapet West Harvest AS. Eide Seafood AS og Ydmyk Milano S.r.l. vil være salsselskapa i konsernet, medan Eide Båt AS leverer driftstenester og båttstenester til produksjonsselskapa i konsernet. Watermoon AS og dotterselskapet Watermoon Scotland Ltd utgjer til saman satsinga på utvikling og kommersialisering av vår nye teknologi for framtidias havbruk – Watermoon®.

Konsernet har i tillegg investeringar i ei rekke andre tilknytte selskap. Hålandsdalen Utbygging AS og Skjelbreid Poiree er lokale investeringar innan eigedomsutvikling og drift. Searis AS er eit norsk teknologi-selskap. Sjømatstaden AS er eit utviklingsprosjekt i Nordfjord i lag med Kvernevikgruppa som satsar på kommersialisering av nye artar. Bruravik Utvikling AS er eit eigedomsselskap og Miljø og Havbruk AS driv med behandling mot lakselus.

Denne rapporten omfattar alle konsernselskapa, men dei fleste vesentlege emna er berre knytt til oppdrettsverksemda i Eide Fjordbruk AS og Norforsk AS. Definisjonen av konsernselskap er selskap der Eide har bestemmende innflyting i selskapa, normalt ved eigarskap av meir enn 50% av stemmerettane i selskapet. Same selskap er omfatta av både berekraftrapportering og finansiell rapportering i den konsoliderte årsrekneskapan (note 1).



Våre lokaliteter



Matfisklokaliteter



Setjefiskanlegg



Salmon Eye og Iris

Me driv sjømatproduksjonen vår i opne sjøanlegg med merdar på til saman elleve sjølokalitetar, alle i Vestland fylke på vestkysten av Noreg, frå Hardangerfjorden i sør, til Nordfjorden i nord. I tillegg har me tre setjefiskanlegg. Me produserer i dag Atlantisk laks og regnbøgeaure.

På Lialaks i Solund produserer me mellom anna økologisk setjefisk av laks. Skogseidvatnet i Hålandsdalen var der det heile starta i 1972. I dag har me både klekkjeri, setjefiskproduksjon og administrasjonen vår lokalisert her.

Ved Varaldsøy og Snilstveitøy ligg fire av våre matfisklokalitetar i Hardanger. Her har dei tilsette vunne ei rekkje prisar for beste produksjon dei seinaste åra. I Hardanger ligg og den nye lokasjonen Skotberget som vil være pilotanlegg for våre eigenutvikla anlegg Watermoon®. I Hardanger finn me òg visningsanlegget Salmon Eye og restauranten Iris.

I Osterfjorden produserer me regnbøgeaure og økologisk laks.

I Fensfjorden ligg våre to største lokasjonar, og her har me gjennomført mykje av utviklinga og testinga vår med ny teknologi. Lokalitetane i Fensfjorden var mellom anna dei to første anlegga som testa ut snorkelmerdar i full kommersiell skala.


På Hundvika Aust i Nordfjorden driv me òg produksjon av økologisk laks, medan lokasjonane Bakjestranda og Isane vert nytta til forsøk med nye fôrråvarer i regi av Norforsk saman med våre samarbeidspartnarar NMBU og VI. Midthjell og Lyngholmane er nye lokalitetar tildelt i slutten av 2023.



Verdikjeda vår



Lakserogn vert klekka i eige klekkjeri og startfôra på land



Etter 8-14 månader vert Fisken smoltifisert og flytta ut i sjøen



Etter totalt 24-30 månader vert Fisken slakta og endar på tallerkar verda over

Produksjon av laks og aure har ei lang verdikjede frå klekking av rogn, til fisken er på middagsfatet til kundar rundt om i verda.

Settefiskfasen

Verdikjeda vår startar med kjøp av rogn som vert klekka i vårt eige klekkjeri i Eidestøa ved Skogseidvatnet. Val av riktig genetikk er avgjerande for eit godt resultat. Ca to månader etter klekking startar føringa på eit av settefiskanlegga våre. I denne fasen lever fisken i ferskvatn i kar på land. Her er det kritisk med god kontroll på vassmiljøet og fisken vært kontinuerleg overvaka. Me vel før av høg kvalitet for å gje fisken dei beste forutsetningane og vaksinerer fisken mot kjente fiskesjukdommar.

Sjøfasen

Etter åtte til 14 månader vert yngelen «smoltifisert». Dette er laksefisken sin måte å klargjere seg for eit liv i sjøvatn. Ein kan sjå den fysiologiske forandringa ved at fisken vert blank og dei karakteristiske parrmerka frå yngelstadiet forsvinn. Når fisken er blitt smolt, flyttar me den ut i sjøen på eit av våre sjøanlegg i dei vestlandske fjordane. No veg fisken om lag 100-200 gram. Med godt stell og før i sjøanlegga veks fisken til slaktevekt på om lag 5 kilo i løpet av litt over eit år. For å lukkast med å produsere den beste fisken er det avgjerande å ha det beste utgangspunktet. Det sikrar ein gjennom å ta riktige val av rogn, vaksiner og fôr, tre sentrale innsatsfaktorar som me kjøper hjå eksterne leverandørar. Me har kontinuerleg dialog med leverandørane for å heile tida sikre at me ligg i forkant. Leverandørane av rogn, vaksiner og fôr er stort sett store selskap med produksjon i fleire land. Samla står desse tre kostnadsgruppene for om lag 50 % av våre kostnader.

Slakting pakking og transport

Når fisken er slakteklar, startar prosessen med å slakte, pakke og frakte fisken til marknaden. Fisken kan anten slaktast på merdkanten ved bruk av eit slaktefartøy, eller ein kan frakte fisken med brønnbåt inn til eit slakteri i nærleiken. Både slaktefartøya og slakteria på land avlivar laksen raskt og varsamt slik at fisken vår slepp å lide. Fisken vert først bedøvt for å sikre at fisken ikkje vert utsett for liding, og for å unngå stress som også kan påverke kvaliteten negativt. Bedøvinga skjer anten med slag mot hovudet eller med elektrisk straum, før gjellene vært kutta og fisken blør ut. Deretter veg og kvalitetssjekkar me kvar enkelt fisk, før den vert pakka i kassar og transportert til marknaden.

Sal og marknad

Det meste av laksen produsert i Norge, om lag 90%, vært eksportert til andre land. Me i Eide sel det meste av fisken vår til norske eksportørar som deretter eksporterer fisken. EU er den største eksportmarknaden, medan USA er det største enkeltlandet. Totalt vært norsk laks og aure frå Eide eksportert til over 100 ulike land verda over!

Dei vel 20 000 tonna med laks som Eide produserer årleg vert til om lag 16 500 tonn med ferdig slakta fisk eller om lag 10 000 tonn med laksefilet. Dersom me legg til grunn at eit gjennomsnittleg laksemåltid består av 150 gram laksefilet så utgjer fisken frå Eide om lag 67 millionar måltid kvart år, tilsvarande to laksemiddagar i veka til alle innbyggjarane i heile Vestland fylke!

I tillegg vært det laga mange spennande produkt av hovud, avskjer og sløyesvinn for å sikre at ingenting vært kasta, det kan du lese meir om under avsnittet om avfall og sirkulærøkonomi.

Vesentlege rapporteringsemne



Dei vesentlege emna er markerte med ein varseltrekant så det skal være enkelt for deg å kjenne dei att.

Våre vesentlege område for rapportering er dei områda som både me i Eide, og våre interessantar, har vurdert som viktigast at me rapporterer på. Dei vesentlege områda er delt inn etter våre fire løfter, dei fire F-ane; Fisk, Folk, Fjord og Framtid. Du kan i denne rapporten lese meir om korleis me har definert og avgrensa dei ulike områda, kva mål me har satt oss for kvart område, korleis me ligg an, og kva tiltak som er sett i gang for å nå dei ulike måla.

Kva som er vesentlege emne for rapportering bygger på ei heilskapleg og risikobasert vurdering. Me har jamleg dialog med våre ulike interessantar der me tek opp og drøftar ulike emne. Me har òg hatt diskusjonar i styret og leiinga og me har sett på alle dei presumptivt antekne vesentlege emna foreslått av GRI 13, sektorstandard for akvakulturbedrifter. Alle interessentgruppene er vektlagt, men syna til våre tilsette, våre eigarar og til konsumenten som skal ete produkta våre er særleg vektlagt. Styret i Eide-konsernet er øvste ansvarleg for godkjenning av dei vesentlege rapporteringsemna og for rapporten.

Etter GRI er det bedrifta si faktiske og potensielle påverknad på samfunnet og miljøet som styrer definisjonen av kva emne som er vesentlege. Både positiv og negativ påverknad kan være vesentleg. Etter EU sitt berekraftsdirektiv (CSRD) som Eide vert omfatta av i 2025 skal bedrifta òg ta omsyn til korleis dei ulike områda kan påverke bedrifta, såkalla «dobbel vesentleg». Me har i 2023 gjort ei innleiande vurdering av kva emne som kan ha vesentleg påverknad på vår bedrift, og finn at det er enkelte emne som er dobbelt vesentlege for oss, desse er markerte med stjerne (*) i tabellen under og grunngjevinga er omtala under kvart enkelt emne.

For Eide har det i vurderinga av kva som er vesentleg vore viktig å ha med emne innanfor dei ulike løfta våre, altså har me sett på kva som er mest vesentleg innanfor kvart område av dei fire F-ane. I val av emne har me sett på både kortsiktige og langsiktige risikoar, lokale og globale påverknader og finansielle og ikkje-finansielle risikoar.

Innanfor dimensjonen Folk ligg emna som handlar om sosial berekraft og vårt forhold til våre tilsette, våre kundar og folka i lokalsamfunna der me driv. Vesentlege emne som vert dekkja her er HMS, Mattryggleik og Sosial lisens. Dimensjonen Fisk handlar primært om korleis me tek vare på og sikrar god fiskevelferd og fiskehelse for fisken vår, men også om omsynet til andre levande organismar i økosystema me har påverknad på. I kategorien Fjord ligg dei miljømessige måla våre og emne som handlar om korleis me minimerer avtrykket me har på naturen rundt oss. Dei vesentlege emna her er vatn og utslepp, karbonavtrykk og avfall. I dimensjonen Framtid ligg avtrykk og forhold med lengre tidshorisont og med globalt perspektiv. Det handlar om korleis me skal klare å produsere nok mat til verdas folk samtidig som klimaet endrar seg, og om korleis me kan sikre ei etisk forsvareleg verdikjede i ei stadig meir kompleks verd der autoritære krefter er aukande.

Emna «Likestilling», «Bruk av medisin og kjemikaliar», «Jordhelse», og «Anti-korrupsjon» er ikkje lenger vurderte som vesentlege. Dette er viktige tema for oss og er breidt omtalt i rapporten, men ikkje som separate emne. Emnet «Forretningsskikk» er nytt i 2023 og inkluderer framleis anti-korrupsjon, men har eit breiare perspektiv.

FOLK	FISK	FJORD	FRAMTID
HMS	Fiskevelferd*	CO2-utslepp*	Klimatilpassing*
Mattryggleik	Biodiversitet*	Sirkulærøkonomi og avfall	Verdikjeda
Sosial lisens*	Økosystem	Vatn og utslepp*	Forretningsskikk

Våre interessentar og dialogen med dei

Dialog med interessentar

Me har kartlagt våre viktigaste interne og eksterne interessentar og basert på dialog og ei spørjeundersøking kva berekraftemne dei er mest opptatt av.

Interessent og viktigaste emne	Vår dialog	Tiltak og påverknad
Eigarar Alle vesentlege emne	Våre eigarar sit i styret og har leiande roller i bedrifta. Me har tett og kontinuerleg dialog.	Eigarane har ei direkte påverknad på verksemda sin strategi.
Tilsette HMS og fiskevelferd	Me gjennomfører årleg medarbeidarundersøking og har fast møte med alle tilsette kvar veke	Dei tilsette har påverknad på alle emne gjennom dialog og aktiv bruk av kvalitets og IK-system.
Långjevarar CO2-utslepp og God forretnings-skikk	Me har jamleg dialog og møtepunkt med våre långjevarar. Me har minst eit årleg møte der me òg har fokus på viktige berekraftemne.	Påverkar mellom anna våre ambisjonsnivå på klimakutt og andre emne gjennom krav i bærekraftlinka lån.
Forbrukar og kunde Mattryggleik og Fiskevelferd	Me nyttar tilgjengelege rapportar om forbrukarinnsett og trendar og samlar eigen info frå intervju, marknadsarbeid, kundebesøk og tilbakemeldingar frå vårt visningssenter	Ønsker frå kundar kan mellom anna påverke val av sertifiseringar, val av føringrediensar og krav til sporing.
Leverandørar Fiskevelferd	Me har jamleg dialog med våre leverandørar gjennom møter, revisjonar, konferansar etc. Me har særskilt fokus på førleverandørar og gjennomfører kvartalsvis møte med hovudleverandør.	Leverandørar kan utfordre oss og hjelpe oss å bli betre gjennom å tilby betre varer og tenester, auka sporing til kunde, lågare CO2-utslepp m.m.
Offentlege myndigheiter Mattryggleik, HMS og Fiskevelferd	Me deltek i møter og korrespondanse, samt legg til rette for tilsyn og besøk.	Myndigheitene bidreg gjennom tilsyn og revisjonar mellom anna til å vidareutvikle og profesjonalisere vår internkontroll.
Lokalsamfunn og naboar Lokalsamfunn, Biodiversitet og Avfall	Me forsøker å ha ein open og god dialog med blant anna å delta i møter lokalt, vera opne for besøk og ta imot innspel. Me har eige visningssenter ope for besøkjande som vil lære om verksemda vår.	Innspel og dialog med lokalsamfunn hjelp oss til å finne gode tiltak for å redusere lokal påverknad som støy, utslepp eller avfall, samt forbetre utdanningstilbod og skape arbeidsplassar lokalt.
Interesse-organisasjonar Fiskevelferd, Biodiversitet, Økosystem	Me legg til rette for besøk og forsøker å ha ein dialog basert på gjensidig tillit og openheit. Me fasiliteter dialog og møtepunkt gjennom vårt visningssenter.	Interesseorganisasjonar set fokus på særskilte miljøutfordringar og påverkar våre tiltak på desse områda. Eksempelvis knytt til soya i fôr og påverknad på vill laks.

Eigarstyring og selskapsleiing

Tal på vesentlege lovbrøt

GRI 2-27 a

0 (0)

Bøter betalt for brøt på lover og reglar

GRI 2-27 b

0 (0)

Organisering

Eide-konsernet er ei familiebedrift der familie og eigarar har mange ulike roller å fylle. Eigarane har som mål å være tett på drifta, ha god oversikt og ei hand på rattet når viktige avgjersler skal takast. Eide har som mål å flytte kontoret nærare merdkanten, og merdkanten nærare kontoret. I tillegg til å utøve eigarskapet som ein aktiv eigar utgjer våre eigarar òg styret i konsernet, samt har leiande stillingar i verksemda. Her er heile familien involvert heile vegen frå merdkanten til styrerommet og generalforsamlinga.

Ei stor styrke med vår organisering er at eigarane er tett på og raskt kan ta viktige avgjerder slik at me kan snu oss rundt med stor kraft og tyngde, anten det er for å utnytte ein mogelegheit i marknaden eller for å løyse eit problem. Dette kjem godt med i ein industri der endringane skjer raskare enn nokon gong. Baksida med denne organiseringa er at mange har fleire ulike roller å handtere, noko som kan være krevjande til tider og som kan gje ei auka risiko for interessekonfliktar og uklare roller og ansvarsforhold. Organiseringa legg difor òg eit utvida ansvar på våre eigarar til sjølv å sikre at kritiske saker vert fanga opp og rapporterte til relevante interessentar. Dette løyser me gjennom å sørge for å ha gode rutinar for intern kontroll og eit godt team rundt oss i konsernleiinga som òg har eit utvida ansvar for oppfølginga av berekraftarbeidet. Me har etiske retningslinjer tilgjengeleg for alle tilsette for hjelp og rettleiing i god forretningsskikk. Det er laga utvida prosedyrar og retningslinjer i vårt kvalitetssystem på sentrale område. Der dette ikkje er tilgjengeleg eller om ein er i tvil kan ein søke råd hjå næraste leiar.

Me har implementert varslingsrutine der alle tilsette kan varsle om kritikkverdige forhold ved drifta og arbeidsplassen utan represaliar for den som varslar. Varslingsprosedyren er tilgjengeleg for alle tilsette og inkluderer anledning for å varsle til andre enn nærmaste leiar eller anonymt ved behov.

I tillegg nyttar me interne og eksterne revisjonar og sertifiseringar aktivt. Frå revisjon av årsrekneskap og klimarekneskap, til revisjonar etter mellom anna Global GAP-standard, Debio-standard og tekniske revisjonar av mellom anna NYTEK-krava.

Etterleving av lover og reglar

Ingen kritiske forhold vart avdekka eller rapporterte i 2023. Det var heller ingen vesentlege brøt på lover og reglar, og Eide-selskapa har ikkje blitt i lagt bøter eller andre sanksjonar av myndigheiter for brøt på regelverk.

Me definerer vesentlege og kritiske forhold som forhold som kan ha ei alvorleg negativ påverknad på ein eller fleire av våre fire F-ar; Folk, Fisk, Fjord (miljøpåverknad) eller Framtid (inkl økonomisk påverknad).

Etiske retningslinjer

Me har utarbeida etiske retningslinjer som gjeld for alle selskapa i Eide, konsernet. Retningslinjene er bindande for samtlege styremedlemmer, leiarar, tilsette og andre som representerar Eide i forretningar.

Føremålet er å gjere klart kva Eide står for og å sikre integritet, god forretningsskikk og –kultur i heile organisasjonen.

Dei etiske retningslinjene er godkjende av styret i Eide-konsernet og er gjort tilgjengeleg for samtlege tilsette gjennom vårt Kvalitet og IK-system. Innhaldet er òg gjort offentleg tilgjengeleg for våre forretningspartnarar gjennom at retningslinjene er inkluderte i denne rapporten under dei tilhøyrande emna.

Dei etiske retningslinjene inkluderer område som lovar og reglar, sikkerheit, løn og arbeidstid, informasjon og personopplysningar, varslings- og kritikkverdige forhold, diversitet og mangfald, diskriminering, bruk av rusmiddel, barnarbeid, tvangsarbeid, fagforeiningsfridom og anti-korrupsjon. Eide er forplikta til å følgje ILO-konvensjonane om arbeidarens rettigheter og å respektere FN sine grunnleggjande menneskerettigheitar. Me forventar det same frå våre leverandørar og kundar.

Retningslinjer for å handtere negativ påverknad

Eide-konsernet har utarbeidd handlings- og beredskapsplanar for å handtere ulike typar negativ påverknad som er sannsynleg at kan oppstå i vår verksemd. Dette inkluderer mellom anna risiko for rømming av fisk frå våre anlegg eller risiko for utslepp av diesel eller olje frå våre fartøy. Våre tiltak knytt til å handtere ei eventuell rømming av fisk kan ein lese meir om under kapittelet om vill laks og vår påverknad på den. Våre beredskapsplanar vert vurderte i samband med revisjonar frå myndigheitene og sertifiseringsorgan.

Me har òg eigen samfunnskontakt og kontaktinfo lett tilgjengeleg på våre nettsider samt på sosiale medium slik at våre interessentar kan ta direkte kontakt med oss. Dette sikrar at me raskt får beskjed og kan rydde opp dersom noko er gale. Eksempel på saker me vert varsla om gjennom slike kanalar er drivgods eller avfall, funn av fiskefôr i villfisk eller fangst av fisk ein mistenker kan vere rømt oppdrettsfisk. Me opplever at me har god dialog med lokalsamfunna der me driv og har ikkje avdekket vesentleg negativ påverknad.




Styret



Randi Herre Eide
Styreleiar



Erlend Eide
Styremedlem



Sondre Eide
Styremedlem

Styrets arbeid og ansvar

I styret i Eide-konsernet har me det øvste ansvaret for å fastsetje strategien og måla for verksemda, samt for å evaluere risikoane verksemda står overfor, inkludert risikoar knytt til berekraft og miljø. Me har òg det øvste ansvaret får å sikre at me har gode nok internkontrollrutinar for å handtere risikoane.

Saman med konsernleiinga gjennomfører me minst årleg ein gjennomgang av verksemda sine mål og strategiar, samt risikoprofilen og internkontrollen i konsernet. I våre risikovurderingar legg me i styret stor vekt på både dei økonomiske, sosiale og miljømessige sidene ved verksemda. Me gjennomfører òg årleg ei sjølvevaluering av styrearbeidet.

Styret i konsernet har òg det øvste ansvaret for styring og kontroll av vår påverknad på samfunnet og miljøet. Styret er mellom anna ansvarleg for å kvalitetssikre og godkjenne den årlege berekraftrapporten, inkludert definisjonen av vesentlege emne. Styret deltek i tillegg jamleg i dialog med ulike interessentar og gjennomfører årleg møte med uavhengig revisor.

Sidan det er oss eigarar som òg utgjer styret i konsernet er ikkje prosessen rundt styreval særleg formell og familiestyret er vald av oss sjølve på ubestemd tid. Som ei følgje av dette er heller ikkje andre interessentgrupper representerte i styret. Samtidig er me bevisste på behovet for ulik kompetanse og bakgrunn i styret og vurderer jamleg om det er behov for justeringar.

Styrets samansetning og kompetanse

Dagens styre har brei kompetanse frå ei rekkje ulike fagområde, frå forskning og ingeniørfaget, til økonomi, biologi, leiging og jus, og me hentar inn ekstern bistand ved behov.

Randi er i tillegg til å være eigar og styreleiar ein av dei mest erfarne tilsette i Eide-konsernet. Ho har vore med Eide sidan midten på 80-tallet. I oppbygginga av Eide har ho støtta Knut Frode i tillegg til å ta vare på ein veldig hektisk og svært aktiv familie. Ho har biologiutdanning og utfører òg viktige oppgåver i selskapet sin administrasjon og -kontorfunksjon. På fritida er ho ofte ute i naturen eller på hytta på Geilo.

Erlend er i tillegg til eigar og styremedlem òg dagleg leiar i NorForsk AS og Eide Båt AS, samt teknisk sjef i Eide-konsernet. Erlend er faglært i akvakultur og har ingeniørgrad i undervasssteknologi, drift og vedlikehald frå Høgskulen i Bergen. I tillegg har han mastergrad i marinbiologi frå NTNU i Trondheim. Han har vore tilsett i Eide sidan 2018.

Sondre er i tillegg til å være eigar og styremedlem dagleg leiar i Eide-konsernet. Han omtalar seg helst som tredje generasjons lakseoppdrettar, men er òg utdanna med MBA frå San Francisco, jurist ved UiO, og har ein bachelor i Business Administration. I tillegg til å være dagleg leiar i konsernet har Sondre òg viktige roller knytt til sal og marknadsføring av fisk og oppfølging av konsernet si satsing på ny teknologi, Watermoon. På fritida liker Sondre som tidlegare skiskytar å være aktiv, særleg på ski eller sykkel. I junior VM Ruhpolding i skiskyting 2008 vant blant anna Sondre sølv. Sondre har vore i Eide sidan 2015.

Konsernleiinga

Konsernleiinga


Ansvar for den daglege oppfølginga av berekraftarbeidet ligg hjå leiinga i konsernet. Konsernleiinga har jamlege møter der ulike berekrafttema vert diskuterte og følgt opp. Hendingar av betydning vert fortløpande tatt opp med dagleg leiar og gjennomgått i leiargruppa i konsernet. Hendingar av kritisk betydning vert straks rapporterte vidare til styret, medan andre hendingar vert rapporterte minimum kvartalsvis.

Konsernet har implementert system for risikovurdering og avvikshandtering av alle typar risiko inkludert berekraftrisikoar. Dette systemet og rutinene rundt det er beskreve i større detalj under emnet HMS, «Ein trygg plass å arbeide».

Ansvar for oppfølging av berekraft

I konsernleiinga inngår mellom anna Berekraft- og økonomisjef Christoffer Marøy som har eit særskilt ansvar for berekraftrapportering og finansiell rapportering, og Kvalitetssjef Olav Tveitnes som har det operative ansvaret for oppfølging av avvik, rutinar og prosedyrar gjennom vårt kvalitets- og IK-system.

I tillegg til medlem av konsernleiinga har me eigen fiskehelseansvarleg som har eit utvida ansvar for å følgje opp fiskehelsa og -velferda.



Sondre Eide er dagleg leiar i konsernet og øvste ansvarleg leiar under styret.



Olav Tveitnes er kvalitetssjef i Eide-konsernet og har ansvar for IK- og kvalitetssystemet vårt.



Christoffer Marøy er berekraft- og økonomisjef, med ansvar for berekraft- og finansiell rapportering




Erik Sørheim er produksjonssjef for matfisk i konsernet.



Vidar Hjartnes har ansvar for vår kontakt med lokalsamfunnet og myndighetene.




Erlend Eide har i konsernleiinga ansvar for teknisk avdeling, samt for FoU-arbeidet i konsernet.



Anders Jan Rød er produksjonssjef for settefisk i konsernet

Dagleg leiar om året og framtida



«Når dei andre går inn, då går me ut»

Eg er utruleg stolt øve da besten starta og pappen vidareutvikla. Dei gjorde alt for å utvikla oppdrettsnæringa, men me veit, som dei visste, at me ikkje berre er oppdrettarar. Me er entreprenørar som tilpassar oss verda eller går under. Gårsdagens løysingar held ikkje i morgon, og det er vår fordømte plikt å utvikle næringa vidare.

Ein av dei største risikoane i næringa er å ikkje ta risiko. Det er ingen rett å arve eit oppdrettsselskap, men ei plikt å utvikle det. Oppdrettsnæringa er tufta på entreprenørskap langs kysten, evna til å skape verdier der ingen trudde dei fanst, og løyse problem kvar dag. No er lakselusa vår største fiende, men me skal lukkast i å nedkjempe den. Med Watermoon skil me lusa frå laksen, vår tids viktigaste oppdrettsinnovasjon.

Eide tar risiko for å løyse utfordringane. Me står urokkelege mot stormane og let oss ikkje knekkja. Me er ikkje redde for at andre løyser problema betre enn oss, for vår styrke kjem frå motet i hjarta og viljen til å gå på. Konkurransen er naudsynt, og me elskar å konkurrere, for det er i kampen me finn vår storheit.

Me hadde ikkje kome dit me er i dag utan dei beste folkane. Eg er stolt og takksam for å jobba med så flinke medarbeidarar i Eide. De er flinkare enn da som er mogleg å beskrive med ord, og dykkar evne til å kvar dag samarbeide og jobbe på er unikt. Pappen og eg snakka alltid om at «når dei andre legg til kai med båtane sine, då går me ut på havet, for då er moglegheitene størst». Eide sit ikkje stille og ventar på at andre skal finne løysingane, me legg til havs for å finna dei sjølv.

Vår styrke er at me er ein gjeng svoltne innovatørar, sjølv om me har over 50 års erfaring. Me nullstiller oss etter kvart mål, klare til å møte den neste utfordringa med forny kraft. Me blir aldri heilt nøgd, sjølv om me har vunne eit slag. Me skal vinna krigen. Vår visjon om å setje standarden for framtidas havbruk er vår felles retning og leiesnor.

Salmon Eye og restauranten Iris fortel ei historie om håp, utfordring og grenselause moglegheiter. Me hyllar våre røter og veit kor me kjem frå, men brukar historia som plattform for å sikte mot nye horisontar.

Watermoon er resultatet av 53 år med målretta arbeid og kontinuerleg innovasjon. Me har skapt teknologien sjølv, med fokus på fiskevelferd og berekraftig matproduksjon. Politikarane må leggje til rette for endring og innovasjon. Den varsla miljøfleksibilitetsordninga kan bli ein katalysator, men den må kome raskt og vere treffsikker. Dei må sørge for at me kan bytte ein open konsesjon mot tre lukka.

Folkane våre, i heile verdikjeda, er årsaka til at me har kome dit me er. Dykkar innsats, dedikasjon og lidenskap set standarden for framtidas havbruk. Dette er ikkje berre arbeid, det er vår lidenskap og kamp. Kvar dag står me opp med tanken: "i dag skal eg overgå meg sjølv." Og kvar kveld legg me oss med vissheita om at me har gitt alt. I Eide har me ein kultur kor alle tør å seie kva dei meiner, og det er den beste ideen som skal nå fram, ikkje kven den kjem frå.

Framover skal me ikkje kvile, tru me er gode eller slakka av på farten. Me skal trakka gasspedalen gjennom golvet, og ha det gøy! Me har kome langt i 2023, men me skal så uendeleg mykje lenger. Nokon kallar oss galne. Me er Eide. Me har med oss røtene, men veit at vekst kjem frå framtidas fotosyntese. Me skal ta risiko og reise oss frå kvar ein motgang, me skal triumfere over kvar ei utfordring. Me veit at me må feile mykje for å lære gjennom samarbeid. Me skal aldri, aldri, aldri gje oss!

Sondre Eide

Tredje generasjons sjømatentreprenør

Folk

Tal på tilsette

128

Kvinner (%)

24

Sjukefråver (%)

3,0

Arbeidsrelaterte skadar

5



Våre tilsette



Gøy-faktor EIDE KPI

4.4

Kvinner (%) GRI 405-1

24

Avdekka tilfelle av diskriminering GRI 406-1

0

Trivsel

Ein trygg arbeidsplass er òg ein arbeidsplass der ein trivst og føler seg sett og inkludert. For å oppnå dette trur me at det er viktig at me har det gøy saman. Nettopp viktigheita av å ha det gøy saman er noko me er opptekne av og som me måler årleg i vår medarbeidarundersøking (skala frå 1-5, der 5 er beste score). I forrige medarbeidarundersøking scora me 4,4 på denne KPI-en, mot målet vårt på 4,0.

Mangfald og likestilling

Eide diskriminerer ikkje, korkje basert på kjønn, hudfarge, religion eller seksuell legning. Me har fokus på likestilling og mangfald i tilsetjing av lærlingar og i rekrutteringsføremål. Det er ikkje avdekka tilfelle av diskriminering i 2023.

Konsernet har stort mangfald på arbeidsplassen, med tilsette frå heile tolv ulike nasjonar. I tillegg til våre norske tilsette som utgjer fleirtalet av dei tilsette, har me tilsette frå Sverige, Danmark, Tyskland, Litauen, Nederland, Portugal, Italia, Mexico, Syria, Pakistan og India! Dei tilsette er i all hovudsak busett i nærmiljøa der me driv verksemda vår. Alle våre tilsette er busette i og arbeidar i Noreg, med unntak av ein permanent fulltidstilsett som er busett og arbeider i Italia.

Me hadde ved utgangen av året 128 tilsette, av desse er 102 fast tilsette og 26 midlertidig tilsette. Dette er ei betydeleg auke frå 77 tilsette i 2022 og skuldast i hovudsak tilsettingar knytt til teknologisatsinga i Watermoon og til restauranten Iris. 105 personar har fulltidsstilling og 23 personar har deltidsstilling. Av dei 26 midlertidig tilsette inngår lærlingar, traineear, skuleelevar, PhD-studentar og vikarar. Det aller meste av våre aktivitetar vert utførte av våre eigne tilsette og me har ikkje store sesongvariasjonar i arbeidet. I samband med ferieavvikling for våre tilsette og i samband med enkelte arbeidsoperasjonar nyttar me oss av sommarhjelpar og ringevikarar. I talet på midlertidig tilsette inngår åtte ringevikarar og ekstrahjelparar som har vore aktive i 2023.

31 av våre tilsette er kvinner og kvinneandelen i konsernet er på 24 % av alle tilsette (18 % i 2022). Sjølv om me framleis har få kvinner i forhold til menn er me glade for at kvinnedelen er auka betydeleg frå 16% i 2021. Styrets leiar i konsernet er kvinne.

Arbeidarar som ikkje er tilsette

I tillegg til dei som er tilsette ved årsslutt har me òg andre arbeidarar som i perioder utfører arbeid på våre lokasjonar og under våre HMS-reglar eller under vår kontroll.

Ekstrahjelpar og ringevikarar som ikkje er tilsette ved årsslutt utfører enkle arbeidsoppgåver ved våre produksjonslokasjonar, særleg i samhand med ferieavvikling og ved behov for ekstra bemanning i samband med arbeidsoperasjonar. Lærlingar, traineer og PhD-kandidatar som er tilsett ved årsslutt er inkluderte i tala for tilsette og er kategoriserte som midlertidige tilsette. Lærlingar utfører ulike oppgåver innanfor sitt fagområde ved våre lokasjonar, under opplæring frå erfarne tilsette. Me har i 2023 hatt to personar som har status som «self-employed». Desse har arbeida på ulike prosjekt i administrasjonen.

I samband med bygging av vår nye teknologi Watermoon®, har me hatt ansvar for tilsette hjå underleverandørar mellom anna i samband med samanstilling og installasjon. Desse er i slike tilfelle underlagt våre HMS-reglar og arbeidsprosedyrar. I produksjonen nyttar me underleverandørar til å utføre enkelte operasjonar ved våre anlegg. Dette gjeld mellom anna serviceteam som har ansvar for spyling av nøter. Desse er i slike tilfelle underlagt våre HMS-reglar og arbeidsprosedyrar.

Lønsforskjellar kvinner mot menn (%)

GRI 405-2

2**Samla lønsforskjellar høgaste individ mot median**

GRI 2-21 a

3x**Forskjell i lønsjustering høgaste individ mot median (%)**

GRI 2-21 b

0

Omfanget av arbeidarar som ikkje er tilsette er generelt lågt og utgjer ein liten del samanlikna med tal på tilsette og samla timar arbeida. Omfanget er òg stabilt gjennom året. Samanlikna med tidlegare år er omfanget noko auka grunna bruk av underleverandørar knytt til bygging av vår nye Watermoon®-teknologi. Me har ikkje presise tal på arbeidarar som ikkje er tilsette, men me estimerer dette til om lag 40 årsverk totalt.

Lønnspolitikk og -forskjellar

Gjennomsnittleg lønnsnivå for alle kvinner i bedrifta er på 98 % av lønnsnivået for alle menn (gjennomsnitt for alle stillingskategoriar). Hovudårsaka til forskjellen er at me har ein høgare kvinneandel blant våre læringar enn blant andre tilsette. Lønna til den tilsette i konsernet med høgast samla godtgjersle var på 3x medianløna. Samla lønsjustering i prosent i 2023 for dei tilsette med høgast løn var lik den prosentvise justeringa av medianløna.

Årlege lønsjusteringar vert fastsett av dagleg leiar i samråd med styret og leiinga. Konsernet nyttar i all hovudsak fast og timesbasert løn, og har i svært liten grad variabel løn, heller ikkje blant våre leiarar. Alle dei fast tilsette har same bonusordning og pensjonsordning og årleg bonus vært fastsett ved skjønn av styret basert på årets resultat i konsernet. Styret tek omsyn til både finansielle og ikkje finansielle resultat slik som sosiale og miljømessige resultat.

Det føreligg ikkje avtalar om signeringsbonusar, sluttvederlag, tilbakebetaling, aksjeopsjonar, lån eller liknande for medlemmar av styret eller leiinga.

Ingen av våre tilsette er omfatta av kollektive tariffavtalar, men me følger og baserer oss på Havbruksovereinskomsten mellom NHO og LO med omsyn til både arbeidstidsreglar og kompensasjon. Me er òg underlagt reglane i den norske Arbeidsmiljølova, samt tilsyn frå Arbeidstilsynet og Sjøfartsdirektoratet.

Tal på tilsette	Heiltid	Deltid	Totalt	
Kvinner		21	10	31
Menn		84	13	97
Totalt		105	23	128

	Fast tilsette	Midlertidig tilsette	Vikarar	Totalt	
Kvinner	19	9		3	31
Menn	83	9		5	97
Totalt	102	18	8	8	128

Ein trygg plass å arbeida



HMS

Havbruk er eit yrke med mange risikofaktorar for både folk og fisk, og det er derfor ekstra viktig med HMS. HMS er svært viktig både for oss i Eide og våre tilsette, men òg eit viktig tema for våre eksterne interessentar.

Det vesentlege emnet gjeld risiko for arbeidsrelaterte skadar. Det er ikkje identifisert nokre særskilte risikoar knytt til arbeidsrelatert sjukdom utover det som er vanleg.

Det er viktig å ha respekt for naturen og for havet. Arbeid på sjøen i vår og vind inneber risiko og i verste fall risiko for drukning. Det finst eksempel i bransjen på dødsulukker og andre alvorlege ulukker knytt til havari, grunnstøyting brann, eksplosjonar eller fall over bord. Det er først og fremst risikoen for slike alvorlege ulukker som gjer at HMS er eit vesentleg rapporteringsemne for oss og det er desse tiltaka beskrive i emnet primært er retta mot.

Det er òg andre HMS-risikoar knytt til arbeid i havbruk. I samband med arbeidsoperasjonar ved Eide sine anlegg vert det nytta utstyr som mellom anna kran, nokk og vinsj, og det er risiko for at eigne tilsette, eller andre som arbeidar på anlegga kan verte utsette på skadar.

Dei vanlegaste skadane og uheila er mindre alvorlege kutt- og klemskadar, samt fallulukker.

Mål

Folka som jobbar i Eide er rygggrada vår og heltane i historia om Eide. Dei tilsette er opptekne av fisken, kvarandre og verdien av trygge arbeidsplassar. Det skal vere trygt å gå på jobb i Eide og alle skal komme trygt heim. I praksis betyr dette at me set sikkerheita til våre tilsette først, og at me investerer i kompetanse og utvikling slik at me kan oppretthalde høgkvalifiserte arbeidsplassar i distrikta òg for neste generasjon.

Retningslinjer

Eide skal vera ein trygg og forsvarleg arbeidsplass. Me er forplikta til å vedlikehalda ein produktiv arbeidsplass, og i samarbeid med tilsette minimere risikoen for skade og eksponering for helse- og miljørisikoar.

Eide er forplikta til å kontinuerleg vurdere risiko, følgje opp hendingar og implementere nødvendige tiltak knytt til HMS.

Alle tilsette som arbeidar på sjøen skal ha tilgang på sikringsradio med vass-sensor tilkopla døgnbemanna alarmsentral. Denne skal alltid nyttast ved åleinearbeid eller ved risikofylte operasjonar.

Alle tilsette skal ha tilgang på riktig verneutstyr, og verneutstyret skal nyttast. Ein skal alltid nytte redningsvest eller flytedress om bord i båt.

Alle tilsette skal få nødvendig opplæring, og utstyr som båt, vinsj, nokk og kran skal ikkje nyttast utan at opplæring er dokumentert og nødvendige kurs og sertifikat er bestått.

Alle som utfører arbeid på eit Eide-anlegg skal følgje Eide sine HMS-rutinar.

Tiltak og handling

HMS-styringssystem


Eide har implementert et omfattende og integrert kvalitets- og HMS-system for å ivareta arbeidsmiljø og sikkerheit. Dette systemet er tilgjengeleg for alle tilsette via både web og mobilapplikasjon og omfattar essensielle moduler som dokumenthandtering, avviksrapportering, utstyrsoversikt, prosess-styring, risikovurdering, sjekklistar og kompetansestyring.

Systemet sikrar at alle arbeidsrelaterte aktivitetar, frå daglege rutinar til spesielle prosjekt, vert utførte i tråd med både interne standardar og eksterne krav. Viktige lovpålagte krav som systemet dekkjer inkluderer Internkontrollforskrifta og Akvakulturdriftsforskrifta, og det sikrar at alle tilsette, inkludert midlertidige og innleigde arbeidarar, er inkludert og beskytta under desse retningslinjene. Alle underleverandørar som arbeidar på våre anlegg pliktar å setja seg inn i og følgje våre HMS-reglar, herunder å rapportere avvik og skadar direkte til oss. Det viktig for oss at alle tilsette er aktive deltakarar inn i systemet. Systemet er underlagt jamlege tilsyn og revisjonar, både internt og eksternt, mellom anna i samband med årleg Global GAP-revisjon. HMS-styringssystemet gjeld for hele Eide-konsernet, og er utforma for å fremje ei sikkerheitskultur prega av kontinuerleg forbedring og proaktiv risikohandtering. Systemet legg vekt på å dokumentere og arkivere viktige data som gjennomførte sjekklistar, kompetansebevis, revisjonsdokumentasjon og informasjon knytt til avvikshandtering.

Det er risiko i alt me gjer, derfor er det avgjerande at me har gode rutinar for risikovurdering.

Olav Tveitnes
Kvalitetssjef i Eide





Kontrollhierarkiet brukes i risikovurderingen. Mange av farene i havbruk kan ikke elimineres fullstendig. Arbeidet handler derfor ofte om å designe gode prosesser, med rutiner, sjekklister, opplæring og øving. Akseptabel restrisiko håndteres med egnet verneutstyr.

Heilskapleg risikostyring


Eide har som visjon å setje standarden for framtidens havbruk. Dette gjeld også for internkontroll og risikostyring. Me har komplekse aktivitetar som inneheld mange forskjellige risikomoment. Dette være seg HMS, rømming av fisk, fiskevelferd, utslepp til ytre miljø, omdømme osv. Eide har eit omfattande system for risikovurdering og risikostyring. Dette inkluderer rutinar for å identifisere og vurdere arbeidsrelaterte farar gjennom kontinuerlege og grundige vurderingar som dekkjer både rutinemessige og ekstraordinære situasjonar. For å sikre effektivitet og pålitelegheit i desse prosessane, legg me stor vekt på kompetanseutvikling hjå våre medarbeidarar og nyttar avanserte metodar og teknologiar.


Me erkjenner viktigheita av arbeidarane sin deltaking og bidrag i desse prosessane. Difor har me etablert klare retningslinjer og trygge kanalar for rapportering av farar og potensielle risikoar på arbeidsplassen, og me garanterer at ingen arbeidarar vil møte represaliar for å rapportere slike tilhøve. Vidare har våre tilsette rett til å trekke seg frå arbeidssituasjonar dei meiner er farlege, utan frykt for negative konsekvensar. Dei tilsette er og beskytta mot represaliar gjennom Arbeidsmiljølova.

Ved arbeidsrelaterte hendingar gjennomfører me detaljerte undersøkingssprossar utforma for å identifisere årsaker og potensielle farar, og for å vurdere risiko knytt til hendingane. Basert på funna i desse undersøkingane, tek me i bruk kontrollhierarkiet for å fastsetje effektive korrigierende tiltak. Gjennom denne prosessen sikrar me ikkje berre effektiv handtering av spesifikke hendingar, men òg kontinuerleg forbetring og styrking av vårt HMS-styringssystem.

Verneombod

Me har egne verneombod for kvar region som me har jamlege vernerundar saman med. Me har òg månadleg møte mellom leiinga og verneomboda der me tek opp saker som omhandlar HMS. Dette er eit viktig forum for å få til ein konstruktiv dialog mellom verneomboda og leiinga. Verneomboda skal i varetaket tilsette sine interesser i saker som angår arbeidsmiljøet og sjå til at verksemda og arbeidet er innretta slik at omsynet til HMS er sikra. Verneomboda har mellom anna rett til å straks stoppe farleg arbeid dersom hennar vurderer at det er naudsynt for å avverje fare for liv eller helse.





Opplæring i HMS

Våre tilsette gjennomfører førstehjelpskurs, kurs i rømmingssikring og kurs i bruk av sikringsradio. I tillegg deltek dei i beredskapsøvingar, MOB-øvingar og HMS-gjennomgangar ute på lokasjon. Våre verneombod gjennomfører i tillegg eit utvida obligatorisk HMS-kurs. Kompetansestyring vert gjennomført via ei eiga kompetansematrise slik at me til ei kvar tid har kontroll på kompetansen i selskapet. Naudsynt informasjon om HMS er lett tilgjengeleg for alle tilsette i kvalitetssystemet gjennom vår HMS-handbok.

Helsefremmande initiativ

Alle tilsette er dekkja av offentlege helsetenester i Norge, som tilbyr høgkvalitets tenester for heile befolkninga. Alle tilsette er òg dekkja av lovpålagt yrkesskadeforsikring. Utover dette er faste tilsette dekkja av ei ekstra helseforsikring, samt utvida yrkesskade- og ulykkesforsikring. Alle våre tilsette har tilbod om kiropraktorbehandling for å førebyggje belastningsskadar. Deltaking er frivillig, gratis og gjennomførast i arbeidstida. Me har ei sterkt fokus på å ha det kjekt i lag og har tradisjon for å samlast i lag til sommarfest og julebord.

Bedriftshelseteneste

Selskapa i konsernet er tilknytt bedriftshelseteneste som òg rådgjev i saker som omhandlar HMS. Alle våre faste tilsette får tilbod om fri årleg helsesjekk og bedriftshelsetenesta gjennomfører i tillegg ein årleg statusrapport knytt til yrkesfagleg helse. Her vert mellom anna eksponering mot støv, kjemikalier, vibrasjon, støy og fysisk belastning kartlagt. Målet med helsekontrollen er å gje tilsette status på eiga helse og tidleg varsel eller førebygging av alvorleg sjukdom. Dei tilsette har anledning til å gjennomføre undersøkinga i si arbeidstid, og arbeidsgjevar sender ut innkalling og informasjon om helseundersøkinga årleg. Resultata frå helseundersøkingane er konfidensielle mellom lege og tilsett, men me mottok aggregerte data.

Resultat og effektivitet av tiltak

Me har i 2023 ikkje hatt nokon registrerte arbeidsrelaterte sjukdommar, dødsfall eller yrkesskadar med varige eller alvorlege skadar. Me hadde heller ingen slike tilfelle i 2022. Me har hatt fem arbeidsrelaterte skadar i 2023, mot ei hending i 2022. Dette utgjer fire tilfelle per 200 000 timar arbeida, mot to per 200 000 timar i 2022. Fire av uhella som er registrert var med eigne tilsette og ei var med innleigd personell eller underleverandørar i 2023. I 2022 hadde me òg ei hending med innleigd personell. Alle skadar og hendingar vert følgt opp og behandla i vårt HMS-styringssystem for å identifisere nye risikoar og iverksette tiltak for å sikre at me tek lærdom av hendinga og reduserer risikoen for liknande hendingar i framtida. Sjukefråværet i 2023 var på 3,0%, ein reduksjon frå 3,5% i 2022. Endringar er innanfor normale fluktuasjonar og me har ikkje identifisert nokon spesifikke årsaker.

I år (i fjor)	Eigne tilsette	Ikkje-tilsette	Totalt
Arbeidsrelatert sjukdom	0 (0)	0 (0)	0 (0)
Arbeidsrelaterte skadar	4 (0)	1 (1)	5 (1)
Skader per 200 000 timer	4 (2)	4 (2)*	4 (2)
Timer arbeida	200 000	50 000*	250 000
Sjukefråvær	3,0% (3,5)		

*Me har estimert timar arbeida av ikkje-tilsette basert på ei antaking om at skadefrekvensen på våre anlegg er lik uavhengig av om det er ein eigen tilsett eller ikkje.

Samfunnsansvar og -engasjement



Sosial lisens

Me er avhengige av aksept og støtte frå lokalsamfunna der me driv for å sikre vår «licence to operate». Sidan våre anlegg ligg i våre felles fjordar og me difor driv på det me på godt norsk kallar allmenningen er dette særleg viktig for oss og er difor eit vesentleg emne.

Det er ikkje sårbare minoritetar eller folkegrupper i lokalsamfunna der me driv og me har ikkje identifisert negativ påverknad av betydning på lokalsamfunnet. Me kan likevel ikkje utelukke mindre negative påverknader i periodar frå eksempelvis støy, lys eller lukt, men vurderer ikkje dette som vesentleg. Drifta vår kan òg ha negativ påverknad på miljøet og økosystema nær anlegga, men dette er omtala i andre emne i rapporten.

Etter vårt syn har me i all hovudsak ei positiv påverknad på lokalsamfunna gjennom at me bidreg med matproduksjon og sjølvforsyning, arbeidsplassar, beredskap på sjøen, betra infrastruktur langs kysten, skatte- og eksportinntekter, «lys i husa» og bidrag til lokale foreiningar og aktivitetar.

Det er desto viktigare at me har god dialog og kommunikasjon med lokalsamfunna for å sikre at folk i våre nærmiljø forstår verksemda vår, og både dei positive og negative sidene ved drifta.

Mål

Vårt mål er å ha ein open og god dialog med lokalsamfunna der me driv. Me er stolte av verksemda vår, og ynskjer gjerne å vise fram til samfunnet kva me driv med, samtidig som me er opne om utfordringane me har.

Me ønsker òg å bidra konstruktivt til debatten på eit nasjonalt nivå, både ved å ha ei klar stemme og ved å kunne nytte vårt visningssenter Salmon Eye som møteplass og debattforum.

Retningslinjer

Me skal bidra til å skape og bevare gode møteplassar og levande bygder i områda der me driv, mellom anna gjennom å delta aktivt i lokalsamfunnet, nytte oss av lokalt næringsliv og tilsette lokale arbeidrarar og lærlingar.

Me skal bidra til open og konstruktiv dialog med både naboar, myndigheiter og andre, basert på fakta og forskning.

Tiltak og handling

Lokalt næringsliv

Anlegga våre ligg stort sett ute i distrikta og me er avhengige av støtte og aksept, tilgang på høgt kvalifisert personell og servicebedrifter frå desse bygdene. Sterke bygdesamfunn treng òg eit aktivt lokalt næringsliv. Tilgang på lokale bedrifter med høg kompetanse og kort reiseveg og responstid til anlegga våre er viktig for oss. Eide handlar derfor bevisst mykje av det verksemda treng frå lokale og regionale aktørar. Både nøter, merdar, båtar, arbeidsklede, dykke- og ROV tenester, fraktetenester og slaktetenester vert leverte av lokale selskap i regionen.

Lokalt tilsette og fokus på læreplassar

Sidan anlegga våre ligg ute i distrikta og me er avhengige av tilgang på høgt kvalifisert personell frå desse områda fokuserer me på å bidra til utdanning. Eide er ein viktig arbeidsgivar i mange lokalsamfunn og ei godkjend læreverksemd både i akvakulturfaget og automasjonsfaget. Me har til ei kvar tid om lag seks lærlingar blant dei tilsette. Verksemda har og eit tett samarbeid med Fusa Vidaregåande skule si akvakulturlinje om både lærlingar, TAF-lærlingar og utplassering av skuleelevar gjennom året og tilpassar opplæringa til skulen sine behov.

Sponsing av lokale lag og foreiningar

Lokale aktivitetar og tiltak er ein viktig del av samfunnet vårt og alle bygdesamfunn er avhengige av gode møteplassar for å vera attraktive stader å bu og arbeide. I Eide står særleg idrettsmentaliteten og konkurranseinstinktet sterkt. Me er difor stolt sponsor av ei rekkje lokale idrettslag og kulturtilbod i nærområda der me driv verksemda vår. Vinteridrett generelt og skiskyting spesielt har ein spesiell plass i Hålandsdalen og i Eide familien. Difor er me òg stolt sponsor for lokale skiskyttartalent som Martin Femsteinevik.

Me skal bidra til å skape og bevare gode møteplassar og levande bygder i områda der me driv verksemda vår.

Vidar Hjartnes
Samfunnskontakt





Anlegget på Bakjestranda vart utvida i 2023 og bidrog med ekstra midler til Bremanger.



Anlegget på Hondskår vart utvida i 2023 og bidrog med ekstra utbetaling til Kvinnherad.

Økonomiske bidrag til samfunnet

Eide si verksemd nyttar våre felles fjordar for deler av produksjonen. Til gjengjeld bidreg verksemda med store innbetalningar av skattar og avgifter både til den norske staten, til fylket og til kommunane. Noko av dette er i form av vanlege skattar og avgifter som gjeld for alle selskap, slik som selskapsskatt og arbeidsgjevaravgift, medan det er òg ei rekkje særavgifter på næringa som i større eller mindre grad er meint å kompensere for bruken av felles ressursar og areal.

Eide betalar årleg eigedomsskatt på verdien av sjøanlegga til kommunane. Dei fleste kommunane har ein sats på 0,7% av verdien årleg. I 2023 utgjorde dette om lag 0,5 millionar kroner.

Eide betaler òg grunnrenteskatt på den delen av verdiskapinga som skjer i sjøfasen og på kommersielle oppdrettsløyve. Satsen på denne skatten er 25% og kjem i tillegg til den ordinære selskapsskatten på 22%. Inntektene frå grunnrenteskatten går til staten.

Mykje av fisken me produserer går til eksport. Når me eksporterer fisken betaler Eide eksportavgift som igjen består av ei forskingsavgift på 0,3% av eksportverdien og ei marknadsavgift på 0,3% av eksportverdien. Desse avgiftene går til staten og vert nytta til å finansiere forskning og felles marknadsarbeid for å promotere norsk sjømat.


Eide betaler i tillegg ei produksjonsavgift per kg laks produsert. Satsen for 2023 var på 90 øre per kg slakta målt i sløyd vekt og utgjorde for Eide sitt produksjonsvolum om lag 14 millionar kroner. Produksjonsavgifta går inn i Havbruksfondet som igjen vert fordelt til havbrukskommunane etter produksjonskapasitet.

Når Eide skal auke produksjonen kjøper me ekstra kapasitet frå staten på auksjon. Dette sikrar at mest mogeleg av verdiane kjem samfunnet til gode og kan nyttast til gode føremål i kommunane som har stilt areal til rådighet for havbruk. Innbetalingane frå auksjon av løyve vert òg innbetalte til Havbruksfondet og betalt ut til havbrukskommunane etter produksjonskapasitet. Eide har dei siste tre åra betalt inn 46 millionar kroner for auke av kapasiteten.


I 2023 fekk kommunane der me har våre sjøanlegg utbetalt 10 millionar kroner i fast årleg utbetaling frå Havbruksfondet for Eide sine anlegg. Kommunane som har sett av nye areal eller auka kapasiteten på eksisterande areal, får ei ekstra tildeling for dette. I 2023 har Eide fått auka kapasitet på lokasjonar i Bremanger og Kvinnherad kommune, noko som har gjeve desse to kommunane ei ekstra utbetaling frå Havbruksfondet på 5 millionar kvar. I tillegg gjekk 2 millionar kroner til Vestland Fylkeskommune slik at samla utbetaling til kommunar og fylke i 2023 knytt til Eide sine anlegg var på 22 millionar kroner.

Alle Eide sine aksjonærar er busette i Noreg og skattar til Noreg. Difor betalar dei òg årleg formuesskatt på verdien av selskapet med ein del til kommunen der aksjonærane er busett og ein del til staten. Formuesskatten er i realiteten ein uheldig særskatt på norsk eigarskap, men har ei viktig rolle for omfordeling i den norske samfunnsmodellen der dei som tener mest og skal bidra mest. For å kunne betale formuesskatten må våre eigarar først ta ut utbytte frå selskapet som i tillegg vert skattlagt med 38% til staten.

I tillegg til desse bidraga direkte frå Eide sine selskap og eigarar bidreg alle Eide sine tilsette med skatteinntekter på løna dei får frå oss, alle våre kundar som kjøper laks i butikken bidreg med meirverdiavgift og alle våre leverandørar bidreg med ringverknadar lokalt som ofte er minst like store som bidraga frå sjølve havbruksnæringa. Lokale elektrofirma, tømrarar, verft og mekaniske bedrifter og mange andre er viktige leverandørar til både Eide og næringa.



El-båten Malm ligg klar ved kaien.
Foto: Tobias Torjusen



Eit monument for berekraftig matproduksjon.
Foto: Håkon Settemsdal



Velkommen inn under overflata!
Foto: Salmon Eye AS

Kunnskap og formidling

Me er sikre på at ei av løysingane for å produsere nok mat til framtidige generasjonar ligg i havet, men me ser òg at dagens oppdrettsnæring har utfordringar som me må være opne om, snakke saman om, og deretter løyse.

Debatten om havbruksnæringa sin påverknad på miljøet rundt anlegga og på vill laksefisk og andre artar, er stadig i mediebilete. I det siste har fokuset på fiskevelferda til oppdrettslaksen òg auka kraftig. I tillegg til den lokale påverknaden næringa vår har, vert den globale miljø- og klimadebatten, med fokus på både dramatiske endringar og berekraftig matproduksjon, òg stadig meir aktuell. Debatten er kompleks, den følger politiske skiljelinjer, er i nokre tilfelle prega av populisme, ideologiske og økonomiske preferansar og interesser. Faktabasert kunnskap brynast mot myter, synsing og feilinformasjon.

Eide vil med sitt visningsanlegg Salmon Eye i Rosendal bidra til faktabasert kunnskap, og setje lokale utfordringar, løysingar og innovasjonar i eit globalt perspektiv, med særleg fokus på dei miljømessige sidene av havbruket. Senteret skal vera fagleg uavhengig av Eide og skal bidra til å styrke kunnskapen om akvakultur hjå publikum. Den faglege uavhengigheta sikrar me ved at det faglege innhaldet vert kvalitetssikra av ei faggruppe med uavhengige ekspertar.

I faggruppa inngår:

- Friede Andersen
- Jostein Bakke
- Konrad Sekkingstad
- Kenneth Bruvik
- Linda Nøstbakken
- Øystein Skaala

Frå kaien i Rosendal tek dei besøkjande plass i dei heilelektriske båtane Malm og Melder, som fraktar ein lydløst gjennom vatnet på den korte turen ut til Salmon Eye utanfor Snilstveitøy.

Salmon Eye skal med sin unike design vera eit ikon og samtidig by på ei spennande og lærerik oppleving for dei som besøkjer senteret. Eit monument for berekraftig matproduksjon i sjø.

Her skal dei besøkjande både lære, delta aktivt og få anledning til å kome med sine idéar til korleis me saman kan gjere matproduksjon i sjø endå meir berekraftig. Målet med alt som skal skje på Salmon Eye er å inspirere, utdanne og forbetre. Du kan lese meir på www.salmoneye.no

Resultat og effektivitet

Det er vanskeleg å vurdere effektivitet og resultat av tiltak knytt til omdømme og samfunnsaksept og me har ikkje nokon eigna KPI på dette området. Vår vurdering er at sjølv om næringa sitt omdømme er svekka det siste året, blant anna som følgje av negativ mediemerksemd knytt til lus, skatt og dødelegheit, så har Eide eit godt omdømme. Me opplever i all hovudsak god dialog med både naboar, kommunar og organisasjonar i områda der me driv, og at mange er klar over dei positive ringverknadane verksemda har. Me forsøker òg å minimere påverknad på lokalsamfunnet og har mellom anna redusert støy betydeleg gjennom investering i landstraum som har fjerna bråk frå dieselaggregat. Me håpar og trur òg at tiltak slik som visningssenteret Salmon Eye bidreg positivt til kunnskap, samarbeid og debattklima.

Trygg og sunn sjømat



Mattryggleik

Mattryggleik er avgjerande for oss og våre kundar skal alltid kunne stole på at fisken me produserer er både trygg, sunn og smakar godt.

Som ein matprodusent vil mattryggleik alltid være eit viktig emne. Me har ikkje identifisert nokre særskilte risikoar eller negative hendingar hjå oss, men det finst ibuande risiko knytt til konsum av mat og særleg rå fisk som det er viktig å ta på alvor og ha strenge kontrollrutinar for. Særleg sårbare grupper som born, sjuke eller eldre kan verte alvorleg sjuke dersom maten ikkje er trygg.

Av potensielle risikoar er mellom anna risiko for reststoff over tillatne grenseverdiar, risiko for bakteriar for eksempel som *Listeria* grunna dårleg hygiene på slakteri eller foredlingsanlegg. Ein annan risiko er redusert kvalitet og haldbarheit grunna brot i kjølekjeda under transport eller lagring.

Det er òg mange positive effektar, mellom anna positive helseeffektar knytt til konsum av fisk og sjømat generelt, og feit fisk som laks spesielt.

I dette emnet vil me ha ei brei tilnærming og dekke våre tiltak for å sikre at fisken me produserer alltid er trygg, inneheldt minst mogeleg miljøgifter og mest mogeleg helsefremmande ingrediensar som Omega-3 og viktige vitamin. Me vil òg dekke rutinar knytt til hygiene og sporing for å sikre at fisken heldt same høge kvalitet heilt fram til kunden.

Sertifiserte produkt (Global GAP)

GRI 13.10.4

89% av solgt volum

Negative hendingar og tilbaketrukte produkt

GRI 416-2, GRI 13.10.5

0

Mål

I tillegg til å alltid produsere trygg mat har me i Eide og eit mål om å produsere ein fisk som er endå sunnare og betre for helse enn vanleg laks, eksempelvis ved høgare innhald av marine Omega-3 fetttsyrer og lågare innhald av miljøgifter. Dette vil me oppnå gjennom fokus på fôr og teknologi.

Me ønsker òg å levere løysingar som sikrar at våre kundar alltid kan få tilgang på informasjonen dei ønsker om fisken vår, slik som for eksempel informasjon om føret, fiskevelferda eller andre ting.

Retningslinjer

Me skal alltid levere trygg og sunn fisk. For å sikre dette skal me ha rutinar som sikrar at med overheltdt alle gjeldande grenseverdiar, ha fokus på risikovurdering og hygienisk design, samt sporing og testing. Me skal nytte revisjonar og tredjepartssertifiseringar aktivt, både på eigne anlegg og hjå leverandørar.

Tiltak og handling

Tredjepartssertifiseringar

Alle våre anlegg er sertifisert etter Global GAP-standarden og me leverer berre fisk til godkjente prosess- og foredlingsanlegg underlagt strenge kontrollar av det norske mattilsynet.

Alle anlegga som slaktar fisk frå Eide har òg eigne uavhengige tredjepartssertifiseringar knytt til mattryggleik som BRC for å ivareta, avdekkje og førebyggje risikoar knytt til produksjon av mat. Mattryggleik er eit av seks hovudfelt dekkja under Global GAP-sertifiseringa og bygger mellom anna på HACCP-metodikken for å analysere risiko og etablere kritiske kontrollpunkt. Overvaking av reststoff, hygiene og avfallshandtering, og strenge rutinar for sporing av råvarer og produkt er og omfatta.

Risikostyring og kvalitetskontroll

Me har i tillegg implementert eigne retningslinjer for å sikre trygge råvarer og produkt i vårt kvalitetsstyringssystem. Ved eventuelle avvik gjennomfører me årsaksanalyse og implementerer ekstra rutinar og tiltak ved behov. Me har eigen samfunnskontakt og som har kontinuerleg dialog med ulike interessentar, og eigen mattryggleikansvarleg som har ansvar for dialog med våre kundar og leverandørar rundt mattryggleik.

Positive helseeffektar frå konsum av laks

Det norske Helsedirektoratet anbefaler i dag å ete fisk til middag to til tre gonger per veke, og at minimum eit av desse måltida er feit fisk som for eksempel laks eller aure. Laks og aure er ei lettfordøyeleg proteinkjelde. Den er rik på omega-3-fettsyrer, protein og feittløysende vitamin som vitamin D, selen, vitamin B12, vitamin A, jod og antioksidantar. Norsk laks og aure er i tillegg naturleg fri for Anisakis (på norsk «kveis» eller rundorm), noko som gjer at det er ein av få fiskar som kan etast rå utan å måtte frysast eller varmebehandlast først.

Oppdrettslaks inneheld noko mindre Omega-3 enn vill laksefisk på grunn av planteingrediensar i føret, men er framleis ei særskild god kjelde til Omega-3. Til gjengjeld gjer dei same ingrediensane at oppdrettslaks inneheld mindre miljøgift enn ein tilsvarande vill fisk, sidan miljøgift i all hovudsak kjem frå dei marine ingrediensane som vert akkumulerte i villfisken når dei et annan villfisk.

I vårt fôr nyttar me no fiskeolje som er reinsa for miljøgift (dioksinar), noko som gjer at vår fisk kan få meir marine råvarer i dietten som igjen gjer meir Omega-3, utan at den inneheld meir miljøgift. Ja takk, begge deler!

Når du et laks og aure frå Eide kan du i tillegg være trygg på at fisken aldri har vore behandla med antibiotika, tilsett hormon eller genmodifiserte ingrediensar, noko som er viktig for våre kundar.

Resultat og effektivitet av tiltak

Me har ikkje hatt nokon negative hendingar av betydning knytt til mattryggleik det siste året, og ingen av våre produkt har vorte tilbakekald. Me har heller ikkje registrert brot med regelverk knytt til mattryggleik som har ført til verken bøter eller advarsalar for oss.

Vår fisk og våre produkt



Me har produsert kvalitetsfisk sidan 1970-talet. Årleg produserer me over 60 millionar laksemiddagar. Samspel mellom eigarskap, ansvar og drift har alltid vore viktig for Eide og dette er grunnlaget for nærleiken bedrifta har til produktet sitt og lokalsamfunnet rundt. Me vil vera med på å forma morgondagens havbruk på ein best mogleg måte, slik at komande generasjonar både kan hausta og eta sunn kvalitetsfisk frå Eide.

All fisken me produserer er Global GAP sertifisert, noko som mellom anna inneber strenge krav til sporing og mattryggleik. Eide er òg sertifisert som karbonnøytral bedrift og me kan tilby sertifisert karbonnøytral laks, der alle karbonavtrykka i verdikjeda til produktet er kompensert for. Me produserer òg økologisk laks, sertifisert etter EU sin økologistandard av Debio. Kvardagen vår er eit kontinuerleg arbeid for betre kvalitet. Det handlar om å ha fagleg flinke og lokalt forankra tilsette som alle har same mål: Å produsera laksefisk av høgaste kvalitet. All fisken vår har òg eit høgt innhald av Omega-3 og er sjølv sagt produsert utan verken antibiotika, tilsette hormon eller GMO-råvarer.


Den økologiske laksen vår er klekka i vårt eige klekkjeri ved Skogseidvatnet. Her vert den tatt godt vare på av Frøydis og dei andre tilsette i KJ Eide. Etter eit opphald hjå Svein og Frode på setjefiskanlegget Lialaks i det vakre øysamfunnet Solund er fisken klar for sjøen. Då står røktarteamet vårt klar til å ta i mot den ved eit av våre økologisk sertifiserte sjøanlegg, der den får ekstra god plass og eige økologisk fôr.

Fjordaturen vår produserer me i Osterfjorden. Osterfjorden har spesielt gode forhold for produksjon av aure, og har i mange år vert heimstad for aureproduksjonen vår. Her får den godt stell hjå driftsleiar Stein Inge og teamet hans. Aure er ein laksefisk som har mykje til felles med den atlantiske laksen, og mange synes at auren smakar endå betre enn laksen!

I tillegg til økologisk laks og aure kan Eide også tilby sertifisert karbonnøytral laks. All laks frå Eide har eit lågt karbonavtrykk, og me har gjort mange tiltak for å redusere avtrykka, noko du kan lese om i denne rapporten. For den karbonnøytrale laksen har me i tillegg kompensert for alle dei resterande karbonutsleppa i verdikjeda til fisken, inkludert føret som står for den største delen av utsleppa.



Restauranten Iris



FN har estimert at det er behov for minst 50% meir mat innan 2050. Samtidig er det slik at me i dag kastar store delar av maten me produserer. 71% av jordas overflate er hav, men berre 2% av kaloriane me et kjem frå havet. Her ligg ei enorm utfordring, og mogelegheit.

For å mette ei stadig veksande befolkning trengs det difor meir mat, men mykje av dagens landbruk er under aukande press. Dei villfanga marine råvarene er det òg avgrensa tilgang på. Etter vårt syn er det difor heilt avgjerande at me satsar på havbruket for å sikre nok mat i framtida. Samtidig har havbruk òg sine egne utfordringar som må løysast, mellom anna med parasittar som lakselus, sjukdommar, rømming og utslepp av næringssalt. Det er viktig for oss og for våre interessantar at me bidreg til å løyse desse utfordringane slik at akvakulturnæringa kan realisere sitt fulle potensial.

Der visningssenteret på Salmon Eye tek for seg den faglege og vitskapelege sida av desse problemstillingane, tek restauranten Iris i bruk andre sansar og verkemiddel og inviterer sine gjestar med på ei unik reise. Ein ekspedisjon gjennom norsk natur med fokus på utfordringar og mogelegheiter knytt til matproduksjon, kultur, smak og opplevingar.

Konseptet Iris handlar om innovasjon, mot og nytenking og smeltar saman Eide sin visjon om å sette standarden for framtidas havbruk, med teamet på Iris sitt mål om å skape unike smaksopplevingar frå lokale og til tider uventa råvarer.

Noreg er ein stor havbruksnasjon, men me lagar for det meste laks. Globalt sett utgjer derimot laks ei svært liten del av akvakulturproduksjonen. Det er eigentleg berre fantasien som set grenser for kva me kan produsere i havet. Alt frå tang og tare, til skjell, sjøpølser og kråkeballar kan produserast berekraftig med akvakultur! Alt handlar om at me må lære oss å dyrka havet på same måte som me gjennom tusenvis av år har lært oss å dyrke landjorda.

Gjennom Iris vil me vise fram breidda av det norske fjordar har å by på, utfordre gjestane til å utforske nye smakar og råvarer og slik bidra til å få folk til å ete meir mat frå havet i framtida.

At utsikta over Rosendals-Alpane kombinert med den unike arkitekturen til Salmon Eye og plasseringa midt i Hardangerfjorden i seg sjølv er ei unik oppleving håpar me bidreg til å gjere eit besøk her til ei endå meir minnerik og inspirerende oppleving!



Foto: Salmon Eye AS

Fisk

Døde (%)

8

Antibiotika (kg)


0

Med. behandlingar
per syklus

1

Ikkje-med. behandlingar
per syklus

3



Fiskehelse og -velferd



Fiskehelse og -velferd

Fiskehelse og fiskevelferd er to ulike omgrep som heng tett saman. God fiskehelse handlar om førebygging og handtering av fiskesjukdommar, medan god fiskevelferd handlar om trivsel og at fisken skal ha det bra i merden og ikkje utsettast for unødige lidings. Ein fisk med dårleg fiskevelferd er lettare mottakeleg for sjukdom og får difor ofte også dårleg fiskehelse.

Ei av dei største utfordringane innanfor laksenæringa i dag er for høg dødelegheit. Dødelegheita er særleg høg på Vestlandet i regionen der Eide opererer. Basert på Fiskeridirektoratet sine tal var dødelegheita i sjøfasen på 16% nasjonalt og 24% i vår region for 2022. Det er viktig for oss å redusere dette talet.

Årsakene til at fisk døyr er mange, men hovudutfordringa i dag er knytt til handtering av lakselus som igjen aukar risikoen for utbrot av fiskesjukdommar, sår og infeksjonar. Me trur òg at ein frisk og glad laks smakar betre!

God fiskehelse og -velferd er svært viktig for oss og våre interessentar. Som matprodusentar har me eit stort ansvar for dyra i anlegga våre. Ikkje berre for laksen og auren, men òg for reinsefisk som vert nytta som ein integrert del i handtering av lakselus. Det er i dag krevjande å sikre god fiskevelferd i opne merdanlegg, særleg for reinsefisken.

Mål

Det er vår klare målsetning at all fisken vår skal ha det bra, være fri for sjukdom og ikkje utsettast for unødige lidings. Me har ein tydeleg strategi for handtering av lakselus med mål om å betre fiskevelferda og redusere dødelegheita både på kort og lang sikt. Vår strategi for handtering av lakselus inneheldt fem ulike kategoriar av tiltak, det alle har sine fordelar og ulemper. Kvar lokasjon har sin eigen strategi tilpassa dei lokale forholda.

Me har eit langsiktig mål om å ha under 5 % dødelegheit frå utsett i sjø og til fisken er slakteklar. Dette trur me er mogeleg med bruk av ny lukka og nedsenka merdteknologi. På kort sikt arbeidar me mot å komme under 7 % i dagens driftsform.

Retningslinjer

All fisken vår skal vere vaksinert mot dei viktigaste fiskesjukdommane.

Eide skal arbeide for å alltid ha mindre enn 0,1 kjønnsmodne holus per fisk og ikkje nytte meir enn ei medikamentell behandling mot lus per syklus.

Eide skal på sikt fase ut bruken av reinsefisk og minimere bruken av ikkje-medikamentelle behandlingsmetodar som krev handtering av fisken.

Alle Eide sine anlegg skal inneha uavhengig miljøsertifisering av produksjonen frå anten Global-GAP, Debio eller ASC.

Tiltak og handling:

Mange av utfordringane innanfor dette området kan sporast tilbake til utfordringa knytt til handtering av lakselus, ein parasitt som finst naturleg i havet, og som berre lever på laksefisk. Sidan det er mange oppdrettsfisk sett i samband med tal på vill laksefisk vil det føre til eit smittepress på denne om me har mykje lus i merdane våre. Derfor er det satt strenge grenser til maks tal på lus per fisk. Sidan det er få lus per fisk tek normalt ikkje oppdrettslaksen skade av dette, men behandlinga for å halde lusemengda nede kan føre til stress og skade på laksen, noko som igjen gjer fisken meir mottakeleg for sjukdom samt auka risiko for at fisken døyr. Fleire av behandlingsmetodane mot lakselus har òg andre utfordringar. Medisinbruk kan ha utfordringar med potensiell påverknad på ytre miljø og bruk av reinsefisk har sine egne fiskevelferdsutfordringar.


I tillegg til lakselus er fiskesjukdommar eit viktig fokusområde. Lakselusa kan påverke utbrot av sjukdom, både gjennom smittespreiing og at lusa svekker fisken sitt immunforsvar. Sjukdommar kan òg spreiaast frå setjefisk og stamfisk til sjøanlegga, og mellom sjøanlegg, anten med båttrafikk eller med havstraumar. Difor er biosikkerheit svært viktig.

Eide har kontinuerleg fokus på fiskehelse- og velferd og har mellom anna eigen veterinær med ansvar for dette området. Alle anlegga våre er underlagt tilsyn av det norske Mattilsynet og er tilknytt eksterne fiskehelsetenester. Alle anlegga er sertifiserte etter Global GAP, ein global standard som mellom anna har fokus på fiskevelferd. I tillegg er fire av våre anlegg sertifiserte av Debio (økologisk sertifisering). Av volumet seld frå Eide hadde 91% minst ei av dei nemnte sertifiseringane. At andelen er mindre enn 100% til tross for at alle anlegga er sertifiserte skuldast FoU-samarbeid der fisk som har inngått i forsøk ikkje vert seld med sertifisering når FoU-partnar ikkje òg innehar sertifiseringa.

I moderne akvakulturdrift er førebygging å føretrekke. God biosikkerheit er derfor avgjerande for å sikre god fiskehelse og -velferd.


Britt Kari Legård
Veterinær og fiskehelseansvarleg






Vår strategi for handtering av lakselus

Bruk av reinsefisk



Ikkje medikamentelle behandlingar



Førebygging

Me forsøker å handtere lusa gjennom førebygging så langt det let seg gjere. Dette er normalt betre både for fisken og for miljøet. Førebygging er derimot svært krevjande, og krev ei rekkje ulike tiltak, store investeringar og mykje kunnskap og erfaring. Me nyttar ein kombinasjon av genetikk, fôr, større smolt, strategisk tid for utsett, luseskjørt, og investering i utvikling av lukka anlegg for å førebyggje lusepåslag. Eide har dei seinare åra investert store beløp i førebygging. Me har investert i eit RAS-anlegg for produksjon av stor smolt gjennom det tilknytte selskapet Ænes Inkubator AS, og me har investert store beløp i utvikling av lukka anlegg i sjø. Me har òg investert i sensorikk og datainnsamling for å sikre at me har best mogeleg avgjerdsgrunnlag.

Reinsefisk

Når førebygging åleine ikkje er tilstrekkeleg nyttar me mellom anna reinsefisk. Reinsefisken er ein av naturen sine egne avlusingsmetodar, der ulike fiskeartar lever av å ete lakselus frå laksen. Bruk av reinsefisk er svært skånsamt for laksen, men det er krevjande å sikre god fiskevelferd for reinsefisken i laksemerden, og ein stor del av reinsefisken døyr i merden. Ved bruk av villfanga reinsefisk må ein i tillegg ta omsyn til bestanden av desse artane. Reinsefisk er framleis eit nødvendig verktøy for å handtere lakselusa, men me har mål om å redusere bruken framover og på sikt fase ut bruk av reinsefisk. Inntil dette er mogeleg har me fokus på å betre forholda for reinsefisken i merden, mellom anna ved at me lagar egne skjulestadar i merden der den kan kvile, gjev den spesialtilpassa fôr og følger den opp med egne helse- og veterinærkontrollar.

Ikkje-medikamentell behandling

Dersom heller ikkje reinsefisk er tilstrekkeleg til å halde talet på lus lågt nok, nyttar me ikkje-medikamentelle behandlingar som til dømes med termisk behandling med temperert vatn, behandling med ferskvatn eller ei kombinasjon av desse. Desse metodane har ingen påverknad på miljøet, men det er stressande for fisken å verte handtert og behandla. Mykje av dødelegheita i næringa er og knytt til denne typen behandlingar. Bruk av ikkje-medikamentelle behandlingsmetodar er miljøvennlige og viktige verktøy i lusestrategien, men me arbeidar målretta for å forbetre både teknologien og gjennomføringa slik at desse skal verte meir skånsame for fisken.

Medikamentell behandling

Dersom bruk av ikkje-medikamentelle behandlingar ikkje er forsvarleg, for eksempel av omsyn til fiskevelferd, kan bruk av medikamentell behandling være eit alternativ. Medikamenta er skånsame for laksen, men lakselusa er tilpassingsdyktige og vert fort resistent mot medisinar. Nokre av medikamenta kan òg potensielt påverke miljøet og artane rundt anlegga, så me ynskjer å minimere bruken ut ifrå eit føre var prinsipp. I 2023 har me nytta to ulike produkt mot lus, Slice og Releeze, begge tilsette gjennom fôret. Slice inneheld virkestoffet Emamectin-benzoat mens releeze inneheld virkestoffet Diflubenzuron. Organismer som potensielt kan påverkast negativt av flubenzuronar er krepsdyr (krabbe, reke, sjøkreps, hummer, tangloppe mv.). Det vert etter eit føre-var prinsipp ikkje gjort behandlingar i periodar der krepsdyr skiftar skall og potensielt er sårbare mot flubenzuronar.

All bruk av medikamentell behandling mot lus skjer berre på bakgrunn av resept som er utskrive av veterinær eller fiskehelsebiolog i tråd med krav i lov om dyrehelsepersonell. I samband med utskriving av reseptar vert det gjort ei skriftleg vurdering av om bruken er forsvarleg som omfattar både effekt på omkringliggende miljø i tråd med krava i forskrift om drift av akvakulturanlegg, ei vurdering av eventuell resistens mot legemidla for å sikre at behandlinga skal ha tilstrekkeleg effekt og ei vurdering opp mot mattryggleik.

Medikamentelle behandlingar per syklus

Eide KPI


1

Overleving i % av utsett fisk

GRI 13.11.3

92%

Tal på daude fisk i % av utsett smolt



Me målar tal på daude fisk i perioden i % av gjennomsnittleg utsett smolt dei to siste åra. Dette gjer me fordi mengd utsett fisk hjå oss ofte varierer mykje frå år til år, medan fisken som døyr alltid stammar frå anten årets eller fjorårets utsett. Overleving i % er lik 100% minus død fisk (%).

Tidleg slakting

Dersom medikament heller ikkje kan nyttast er siste utveg å framskunda slaktinga.

Reduksjon av dødelegheit

Me arbeidar systematisk og grundig med å sikre god fiskevelferd og å redusere dødelegheita, gjennom alt frå val av genetikk, vaksiner og fôr til å redusere talet på avlusingar og å forbetre sjølve avlusingsoperasjonane. Den daude fisken vert undersøkt og kategorisert, og utviklinga vert følgt tett over tid. Hendingar som fører til unormalt høg dødelegheit, vert rapportert til Mattilsynet. Eide investerer òg i storskala datafangst gjennom ei rekke sensorar i merdane som kontinuerleg loggar miljøforholda til fisken, mellom anna salinitet, oksygenverdiar og straum for å kunne lære og sjå nye samanhengar som skal hjelpe oss å forbetre oss.

Dei tre største bidragsytarane til dødelegheita er lusebehandling (ikkje medikamentelle behandlingar), vintersår og fiskesjukdommar som Pancreas Disease (PD) og kardiomyopatisyndrom (CMS). For å redusere dødelegheita knytt til lusebehandling jobbar me langs tre dimensjonar, der det fyrste og viktigaste handlar om å unngå behandling ved å førebyggje mot lakselus. Deretter arbeidar me med å forbetre sjølve behandlingsoperasjonane slik at denne vart meir skånsam for fisken. For å redusere dødelegheit frå vintersår nyttar me funksjonelle fôr som skal bidra til å styrke slimlaget på fisken. I tillegg er det viktig å unngå handtering som for eksempel behandling mot lus, sortering eller flytting av fisk med sår. Vintersåra skyldast ein bakterie og sårar gror naturleg når temperaturen i vatnet stig igjen mot våren. For å redusere dødelegheit knytt til andre sjukdommar har me fokus på å nytte siste tilgjengelege vaksiner, samt ha eit høgt fokus på biosikkerheit gjennom heile produksjonen.

Resultat og effektivitet

Etter fleire år med store investeringar i førebyggjande tiltak mot lus har me dei siste to åra sett ei lita reduksjon i bruk av reaktive tiltak. Stadig lågare tillatne lusegrenser bidreg til at det framleis er eit høgt tal på behandlingar sjølv med mange førebyggjande tiltak og bruk av reinsefisk.

Bruken av reinsefisk auka noko i 2023 samanlikna med 2022. Hovudårsaka til auka bruk av reinsefisk er auka produksjon av laks.

Tiltaka som er gjennomført har òg gjeve ei betydeleg reduksjon i dødelegheit samanlikna med nivåa i 2018-2019. Etter vår vurdering er hovudårsaka til nedgangen kontinuerleg fokus på biosikkerheit og dødelegheit frå alle dei tilsette, frå leining til røktar. I tillegg har ei reduksjon i tal på behandlingar mot lakselus og tidlegare slakting av fisk vore viktig. Til tross for reduksjonen gjer høg dødelegheit på enkeltlokalitetar at me endå ikkje er i mål og me vil vidareføre tiltak og fokus i 2023 for å komme endå lågare.

Medisinbruken er kraftig redusert gjennom det siste tiåret. Sidan 2016 har det ikkje vore gjennomført badebehandling mot lus og bruk av medisin tilsett gjennom fôret er òg kraftig redusert samanlikna med tidlegare praksis og ligg no på eit stabilt lågt nivå. Målet om maks ei medikamentell behandling per produksjonssyklus vart nådd både i 2022 og 2023.

Det er ikkje nytta antibiotika på nokon av Eide sine anlegg i 2023.

Vill laksefisk og biologisk mangfald



Biodiversitet

Villaksen har vore her i Noreg sidan førre istid, og har sidan vore av stor betydning for oss menneske som har levd her. Atlantisk laks er den einaste ville arten av laks i Europa, og om lag 1/3 av populasjonen er i Noreg. Me er opptekne av å ta vare på vill laks og forsøker å ha minst mogeleg negativ påverknad. Det er mange faktorar som påverkar den ville laksefisken, men når det gjeld oppdrett er det i hovudsak rømming av oppdrettslaks og spreiding av lakselus frå oppdrettslaks til vill laksefisk, som er dei to viktigaste risikoane for påverknad.

Rømt laks er ei utfordring fordi rømt fisk kan øydeleggje gyteplassar for vill laks og påverke den genetiske profilen til vill laks, medan lakselusa kan føre til auka dødeligheit for utvandrande vill laksesmolt. Frå 2021 er Atlantisk laks klassifisert som «nær trua» på den norske raudlista og frå 2023 er vill Atlantisk laks òg lista som «nær trua» på IUCN si raudliste.

I tillegg til påverknad på vill laksefisk og sjøaure, som er den viktigaste lokalt, kan me òg potensielt påverke andre artar i nærleiken av anlegga våre, f.eks. sjøfugl, villfisk og krepsdyr.

Me har òg ei indirekte påverknad på biodiversitet gjennom råvarene til føret laksen vår et kvar dag. Tilgang på nok marine råvarer frå berekraftige kjelder er ei av dei største utfordringane for akvakulturnæringa globalt.

Mål

Me har ein nullvisjon for rømming av fisk frå våre anlegg. I tillegg skal me bidra til å auka kunnskapsgrunnlaget om havbruksnæringa sin påverknad på vill laksefisk. Me har òg mål om å oppfylle dei strenge vilkåra for «grønt lys» på alle våre lokalitetar uavhengig av området sin trafikklysstatus. Me har mål om å ha under 0,1 kjønnsmodne holus per fisk på alle våre lokalitetar i perioden når den ville laksen og sjøauren vandrar ut og alle lokalitetar skal telle og rapportere lusetal kvar veke.

Retningslinjer

Me skal halde vår potensielle negative påverknad på andre artar på eit lågt og akseptabelt nivå.

Eide skal basere seg på føre-var prinsippet når det er usikkert om eit etablering har negativ påverknad på biodiversitet i området.

Ut ifrå føre-var prinsippet skal me òg arbeide for å minimere bruken av kjemikalie og legemiddel.

Me skal på sikt fase ut bruken av villfanga reinsefisk og me skal ikkje nytte kopparbasert notimpregnering.

Tiltak og handling

Risikovurdering og førebygging

Me arbeider systematisk med risikovurdering av operasjonar, opplæring og preventivt vedlikehald og ettersyn av utstyret vårt for å førebygge rømming. Alle våre anlegg følgjer gjeldande tekniske standardar.

I forkant av at eit akvakulturanlegg vert etablert vert det gjennomført omfattande undersøkingar og konsekvensutgreiningar for å sikre at ein ikkje etablerer anlegg i nærleiken av truga artar. Etter at anlegget er etablert vert det gjort jamlege undersøkingar, mellom anna ved prøvetaking på havbotnen under anlegga.

Eide har ikkje akvakulturanlegg i eller ved verna område. Me er heller ikkje kjent med at andre trua artar har viktige habitat nær våre anlegg. Det er fleire andre fiskeartar enn vill Atlantisk laks som er trua i fjordane og langs kysten i Noreg, mellom anna ål, brugde, skate, blålange og uer. Me er ikkje kjent med at lakseoppdrett har negativ påverknad på desse.

Det er òg ei rekkje andre artar enn fisk som er trua eller sårbare i vår region, inkludert både fuglar, pattedyr, koralldyr og krepsdyr. Fuglar kan verte tiltrekte av både fôr og fisk og det er risiko for at fugl kan setje seg fast og verte skada. Me nyttar fuglenett på alle anlegg for å beskytte både fisk og fugl og nyttar i tillegg andre tiltak slik som fuglelaser ved behov.

Overvåkingsprogram for vill laksefisk

Me er med på ei rekke ulike overvåkingsprogram for vill laksefisk og sjøaure for å bidra til å auka kunnskapsgrunnlaget om påverknaden frå oppdrett på vill laksefisk og om bestands-utvikling, vandringsmønster og prematur tilbakevandring av laks og sjøaure i vår region. Eit av desse, «SalmonTracking», observerer vandringsmønster og bestandsutvikling til vill laks og sjøaure gjennom bruk av mellom anna kamera, datachip og radiomerking, antenner i vassdrag og registreringsbøyer i fjord- og kystmiljø. Bestandsutviklinga og vandringsmønster vert overvaka i 10 elver i regionen, og prematur tilbakevandring i 40 elver. Både vill laks og sjøaure vert overvaka. I prosjektet deltek mellom anna UiB, UiS, UiT, NTNU, NMBU, Akvaplan Niva, Rådgivande Biologer, Inaq og Skandinavisk Naturovervaking.

Rømt laks

Eide KPI

0

Raudlisteartar påverka

GRI 13.3.5

1

(vill atlantisk laks, nær trua i Noreg)

Raudlisteartar i regionen

GRI 13.3.5

Kategori	Norsk rødliste	IUCN
Kritisk trua	6	7
Sterkt trua	24	9
Sårbar	34	15
Nær trua	46	24
Livskraftig	482	195

Sertifiserte marine råvarer i fôr

MarinTrust, MSC; ASC eller FIP

94%

Bruk av marine råvarer i laksefôr

Art	Opphav
Anchovy	Pacific; Mediterranean
Blue Whiting	Atlantic
Boarfish	Atlantic
Capelin	Atlantic
Herring	Atlantic
Mackerel	Atlantic, Antarctic
Jack Mackerel	Atlantic
Menhaden	Atlantic
Norway pout	Atlantic
Sardine	Atlantic/Pacific/Indian
Sandeel	Atlantic
European sprat	Atlantic
Mixed whitefish trimmings	Atlantic

Beredskapsplanar

Me har beredskapsplanar for å minimere skadane av rømming dersom det oppstår. Då har me beredskapslager av gjenfangstnøter og avtalar med lokale fiskarar som skal syte for at me klarar å gjenfange så mange fiskar som mogeleg. Me er medlem av oppdrettsnæringa si samanslutning for utfisking av rømt oppdrettsfisk. Samanslutninga skal bidra til å redusere risikoen for genetisk påverknad frå akvakultur på ville bestandar av laksefisk ved å gjennomføre tiltak i elver der innslaget av rømt fisk er uakseptabelt høgt. Det skal vurderast tiltak der innslaget er meir enn 4% og det skal gjennomførast tiltak der innslaget er meir enn 10%.

Tiltak for å hindre spreiding av lakselus til vill laksefisk

Oppdrett av laks og aure medfører spreiding av lakselus og store mengder lakselus kan ha negativ innverknad på vill laks og sjøaure. Eit trafikklyssystem skal fungere som indikator for om påverknaden frå lakselus i oppdrettsanlegg på villfisk er akseptabel eller ikkje. Eide driv i to produksjonsområde (PO3 og PO4) som begge har fått raudt trafikklys av omsyn til vill laks. Me arbeider målretta for å halde lusemengda på eit lågt nivå av omsyn til vill laksefisk gjennom ein kombinasjon av ei rekke tiltak. Alt frå investering i større smolt og luseskjørt som førebyggjande tiltak, til bruk av reinsefisk, ikkje-medikamentell og medikamentell behandling.

Redusere bruk av reinsefisk

Eit viktig tiltak er å redusere bruken av villfanga reinsefisk, både av omsyn til dyrevelferd for reinsefisken, og av eit føre-var prinsipp av omsyn til potensiell negativ påverknad på ville bestandar av reinsefisk som for eksempel Berggylte. Me har fokus på å førebyggje mot lus og har starta å nytte oppdretta Berggylte som eit alternativ til villfanga, men det er p.t. berre tilgjengeleg i små volum.

Indirekte påverknad gjennom fôr

Laksen er frå naturen si side ein kjøttetande fisk og har derfor behov for ein del marine råvarer i fôret, typisk som fiskeolje og fiskemjøl. Desse råvarene kjem delvis frå avskjer og biprodukt frå annan fiskeindustri, og delvis ved bruk av heil fisk som anten ikkje er eigna eller attraktiv for direkte humant konsum. Dei marine råvarene bidreg mellom anna med viktige omega-3 fettstoffer (EPA og DHA) som laksen treng. Me nyttar òg algeolje i vårt fôr, som kjelde til Omega-3 og ein substitutt for fiskeolje. Produksjon av fiskemjøl og -olje frå heil vill fisk vil ha ein påverknad på dei ville fiskebestandane. For å minimere denne kjøper me fôret vårt frå anerkjente internasjonale fôrleverandørar med gode rutinar for å sikre at råvarene er frå berekraftige fiskeri og anten er sertifiserte, eller på veg til å bli sertifiserte, av internasjonale standardar. Dei mest nytta er MarinTrust og MSC. FIP og MarinTrust IP er forbedringsprogram med mål om å sertifisere eit fiskeri. Forbedringsprogram er viktige for å bidra til at også utviklingsland med mindre regulerte fiskeri har ein realistisk veg for å kunne selje sine produkt på verdsmarknaden. Til tross for desse tiltaka er det inga tvil om at tilgang på nok marine råvarer frå berekraftige fiskeri er ei stor utfordring for all akvakultur, difor er det viktig med fokus på nye fôrvarer for framtida.

Resultat og effektivitet

Me har ikkje hatt hendingar som har medført rømming av fisk i 2023. Me oppfylte dei strenge kriterier for berekraftig vekst uavhengig av tilstanden i området på heile åtte av til saman elleve av Eide sine sjølokalitetar. Det gjennomsnittlege nivået på vaksne holus på våre sjølokalitetar har i 2023 vore på nivå med dei føregåande åra. Det er ikkje nytta kopparbasert notimpregnering på Eide-anlegg.

Ei utfordring er framleis at alle dagens metodar har sine bakdelar. Dei medikamentelle gjev resistens, medan dei ikkje-medikamentelle kan medføre stress og skade for fisken. Reinsefisk er naturens eigen avlusar, men det er vanskeleg å gje reinsefisken gode tilhøve i merden og det er lite kunnskap om konsekvensen av dagens fiske etter vill reinsefisk. Me har derfor tru på at samarbeid, og investering i ny teknologi er ein viktig del av løysinga.

Vår påverknad på økosystem



Endring av økosystem

Dette emnet dekker ulike typar påverknad på økosystem, inkludert innverknad på jordhelsa gjennom jorderosjon, jordtap og reduksjon i jords fruktbarheit. Jordhelse er jordas evne til å fungere som eit levande økosystem og oppretthalde plante- og dyreproduksjon, fremje plante- og dyrehelse og oppretthalde eller forbetre vatn- og luftkvalitet. Nyare estimat tydar på at så mykje som 80 % av jordbruks-arealet er påverka av moderat til alvorleg erosjon. Sjølv om jorderosjon og skjer naturleg, kan landbruksaktivitetar akselerere denne prosessen vesentleg ved å fjerne vegetasjonsdekke, handtere og komprimere jorda, vatning og overbeiting av husdyr.

Me kan ha ei indirekte påverknad gjennom val av fôrråvarer. Produksjon av fôr kan ha negativ påverknad på økosystem, for eksempel dersom område med skog, regnskog eller myr vart varig endra og omgjort til landbruksareal for å produsere plantebaserte fôrråvarer. Her har særleg produksjonen av soya i Brasil vore omdiskutert og det er viktig å sikre at bruk av soyaråvarer i laksefôr ikkje bidreg til avskoging.

Det ligg òg innanfor vår kontroll å utgjere ei positiv endring, gjennom å bruke vår innkjøpsmakt til å endre måten me produserer på i dag, for eksempel ved å auke etterspurnaden etter nye fôrråvarer eller fôrråvarer dyrka i tråd med økologiske eller regenerative prinsipp.

Mål

Eide produserer fisk i sjøen og eig eller forvaltar ikkje areal med matjord. Me produserer heller ikkje eige fiskefôr. Me har likevel, gjennom at laksen vår et fiskefôr med plantebaserte ingrediensar, høve til å påverke forvaltinga av matjorda vår positivt gjennom våre innkjøpsrutinar for fôr. Me meiner at det trengs nye og meir berekraftige fôringrediensar og meir berekraftige produksjonsmetodar, både på land og i sjøen. Ein av våre ambisjonar er å bruke vår innkjøpspraksis for fôr for å fremje berekraftige produksjonsformer og fôringrediensar. I tillegg har me som mål å være med på å utvikle fôringrediensane for framtida og sørge for at desse er trygge, ikkje berre for forbrukaren, men òg for fisken vår.

Retningslinjer

Me skal ha ei ansvarleg tilnærming til kjøp av fôr og stille krav til våre fôrleverandørar om å ikkje bidra til avskoging og endring av nye landområde, særleg ikkje i sårbare land og viktige naturområde som for eksempel regnskog. Me skal ta sjølvstendige val for vårt fôr og gjere eigne undersøkingar og revisjonar ved behov.

Tiltak og handling

Risikovurdering og krav til leverandørar

Sjølv om laksen frå naturen si side er ein kjøttetar, må me òg nytte ein del plantebaserte råvarer i fôret. Dette skuldast at marine råvarer som fiskemjøl og –olje er avgrensa ressursar.

Ei viktig, men omstridt plantebasert fôrråvare er soya. Bruk av soya har vore viktig for å redusere bruken av fiskemjøl, sidan soya, når den vert raffinert til soyaproteinkonsentrat (SPC), er ei svært god kjelde til protein. Soya er òg den mest effektive planteråvara me har med tanke på avling per dekar. Det er derimot to utfordringar med bruk av soya:

Den fyrste utfordringa handlar om at mykje av soyaen som vert nytta til fiskefôr kjem frå Brasil, eit land som har hatt store utfordringar med avskoging i Amazonas i seinare tid. Sjølv om all soya til bruk i norsk laksefôr er sertifisert som avskogings-fri og GMO-fri (Proterra-sertifisering) så er det krevjande for eit selskap som Eide å sikre at me har gode nok rutinar på dette området, særleg i tider prega av politisk uro og ein uoversiktleg situasjon på bakken i Brasil. Me har difor vald å inntil vidare ikkje nytte soya frå Brasil i vårt fôr. Som alternativ nyttar me ei kombinasjon av Europeisk soya, kveitegluten og fiskemjøl. Dette har ein ekstra kostnad for oss, men gjev ei ekstra trykkleik for at laks frå Eide ikkje på nokon måte bidreg til avskoging av regnskog.

Den andre utfordringa med soya er at dette er ei planteråvare med mange antinæringsstoff som kan vere vanskeleg å fordøye for laksen. Det er ei av årsakene til at det heller vert nytta soyaproteinkonsentrat, og ei av årsakene til at me gjennom vårt FoU-selskap Norforsk mellom anna forskar på bruk av fermentert soya for å gjere råvara betre for fisken.

CO2-utslepp frå endring av landområde


Me tek òg omsyn til endring av økosystem når me lagar våre klimarekneskap. All endring av areal frå for eksempel skog, myr eller regnskog til jordbruksareal medfører at det vert frigitt CO₂ til atmosfæren. Dette eingongsutsleppet som skuldast arealendringa krev me at vert inkludert i klimaavtrykket til fôret som våre fôrleverandørar rapporterer til oss. Normalt vert desse eingongsutsleppa fordelt over ein periode på 20 år etter at arealet vart endra. Dette kan du lese meir om i vårt klimarekneskap, eller i avsnittet om karbonavtrykk i denne rapporten.



Kveitegluten produsert med regenerative dyrkingsprinsipp er ei god erstatning for soya



Tilbakeførte våtmarksområde i Seneca Meadows i USA.



Skogkonservering i Canada gjennom prosjektet Darkwoods.

Prosjekter for bevaring og tilbakeføring av økosystem

Gjennom at me er sertifiserte som ei karbonnøytral bedrift og tilbyr karbonnøytral laks støttar me ulike prosjekt som skal både redusere CO₂-utelepp og tilbakeføre økosystem. Me har mellom anna støtta prosjektet Seneca Meadows i USA som tilbakefører våtmarksområde og produserer rein elektrisitet frå metangass som elles ville vorte frigitt til atmosfæren gjennom lekkasje frå avfallsdeponi. Me støttar òg skogprosjektet Darkwoods i Canada for å bidra til å bevare kritiske økosystem og hindre utslepp av CO₂ frå avskoging. Dette er noko av det du bidreg til å støtte når du kjøper ein sertifisert karbonnøytral laks hjå oss.

Me trur at verda må endre måten me produserer maten vår på, særleg det intensive industrielle landbruket, som òg produserer råvarer til vårt fôr. Derfor er me òg pilotkunde for eit prosjekt med regenerativt jordbruk i Storbritannia. Dette bidreg positivt til økosystema i området, særleg for insekt og pollinatorar. Du kan lese meir om dette prosjektet under avsnittet om jordhelse.

Pilotprosjekt for regenerativt jordbruk

Me deltek i tillegg i eit pilotprosjekt med regenerativt jordbruk som dekkjer ei rekkje landbruksmetodar, der nokre av dei overlappar med økologisk landbruk, medan nokre går langt utover desse. Hovudmålet er å minimere jordforstyringar, oppretthalde levande røter, eit kontinuerleg jorddekke og å auke biologisk mangfald både over og under bakken. Å nytte denne praksisen bidreg til å forbetre andre viktige problem i tillegg til jordhelse, for eksempel biologisk mangfald på garden, bevare ferskvatn og reduserte klimagassutslepp. Regenerativt jordbruk bygger på følgande prinsipp:

- Redusere pløying av jorda - frå konvensjonell pløying til minimal eller inga pløying kan bevare og auke organisk materiale på jordoverflata som inneheldt karbon, og bevare god jordstruktur – spesielt redusere komprimering av jord som kan auke vassavrenninga frå åkeren.
- Dekkvekstar, planta etter haustinga og fjerna før vårplantinga, kan gje ei rekkje fordelar. Avhengig av plantane som vert dyrka, kan nitrogen og organisk materiale tilførast jorda. Dei bidreg òg til å oppretthalde jorddekke og levande røter i jorda gjennom året.
- Redusere bruk av gjødsel - Nitrogengjødsel vert tilført rutinemessig i tradisjonelt industrielt jordbruk for å auke avlinga, men å produsere det er ein energikrevjande prosess, og dersom gjødsel vert tilført ovanfrå kan det brytast ned til lystgass som er ein kraftig drivhusgass.
- Nyttige insekt-/pollinatorstriper er landstrimlar som er sådd med ei blanding av plantar for å støtte insekta sitt biologiske mangfald i store jordbruksområde. Blandinga vert vald for å støtte nyttige insekt som pollinatorar og rovinsekt som kontrollerer skadedyrar i eit integrert system for skadedyrhandtering. Stripene kan òg bidra til å redusere erosjon og avrenning, samt gje eit lite bidrag til lagring av organisk karbon i jorda.
- Samvekstar vert dyrka i åkeren saman med hovudavlinga for å hjelpe til med å forsvare seg mot skadedyr, samt for å tilføre jorda nitrogen eller forbetre jordstrukturen, avhengig av arten som vert planta. Nokre artar bidreg til å skremme vekk skadedyr eller tiltrekke seg rovinsekt som igjen beskyttar hovudavlinga.

Sertifiserte soya-råvarer i fôr

Europe Soya

100%**Soya frå Brasil eller Amazonas området**

Europe Soya

0%Økologisk produksjon

Sjølv om hovuddelen av fôringrediensane i økologisk laksefôr kjem frå marine kjelder, er det framleis ein betydeleg del plantebaserte ingrediensar. Ved å produsere økologisk laks på nokre av anlegga våre bidreg me til å auke etterspurnaden etter økologiske ingrediensar sidan det berre er økologisk produserte avlingar som kan nyttast i fôret til vår økologiske laks. Avlingar som vert dyrka økologisk kan ikkje nytte kjemiske eller syntetisk produserte plantevernmidlar eller kunstgjødsel. Økologisk drift er basert på fire prinsipp:

- Helseprinsippet - Økologisk landbruk skal oppretthalde og fremje helsa til jord, plantar, dyr, menneske og planeten som ei udeleleg eining.
- Økologiprinsippet - Økologisk landbruk skal byggje på levande økosystem og kretsløp, arbeide med dei, etterlikne dei, og bidra til å oppretthalde dei.
- Rettferdsprinsippet - Økologisk landbruk skal byggje på relasjonar som sikrar rettferd for vårt felles miljø og mogelegheiter for utfolding av liv.
- Omsorgsprinsippet - Økologisk landbruk skal forvaltast i tråd med føre-var prinsippet for å beskytte helse og velvære til dagens- og framtidens folk.

Resultat og effektivitet

Me nytta ingen soya frå Brasil i våre fôr i 2023. I 2023 kjøpte Eide fôr med kveitegluten produsert med regenerativ praksis frå pilotbønder i Storbritannia. Gluten frå kveite er ei god proteinkjelde som kan erstatte mellom anna soyaproteinkonsentrat i fôrdietten. Pilotprosjektet dekkja i overkant av 1500 hektar med land, og produserte rundt 8 200 tonn kveite.

I tillegg til å bidra til betre jordhelse og auka etterspurnad etter avlingar dyrka med bruk av regenerative prinsipp, fekk me gjennom prosjektet i tillegg redusert våre scope 3 (indirekte) klimagassutslepp frå fôr i 2023 med 4,3 prosent.

Både økologisk dyrka avlingar og avlingar dyrka ved bruk av regenerative prinsipp har framleis ei høgare kostnad samanlikna med konvensjonelt, industrielt landbruk.



Hundvika Aust i Nordfjord er ein av lokalitetane der me produserer økologisk laks sertifisert av Debio etter EU si økologiforskrift.

Fjord

CO₂e/kg

2,53

Rømmingar

0

Koppar brukt

0

MOM-score (%)

91



Sirkulær bioøkonomi og avfall



Sirkulær bioøkonomi og avfall

Det er i dag ei stor global utfordring at menneska brukar meir ressursar enn det me har tilgjengeleg på sikt. Større grad av sirkulær-økonomi er derfor naudsynt.

Dette handlar både om å redusere forbruk og svinn, auke levetida på utstyr gjennom reparasjonar og gjenbruk og om å sikre god og forsvarleg avfalls-handtering. Dette er viktig for oss.

I havbruk vert det generert store mengder organiske biprodukt, frå slam og fôrrestar til sløyesvinn, blod og død fisk. Det er viktig å handtere dette godt for å unngå at det ender opp som avfall eller forureinar miljøet. Samtidig ligg det store positive gevinstar i å sikre at desse ressursane vert nytta til beste mogelege formål for samfunnet. Det er òg mindre mengder avfall frå mellom anna, tauverk og fôrslangar som det er viktig å ha fokus på, då det kan føre til utslepp av mikroplast til havet som igjen kan føre til negativ påverknad på økosystema. Nedstrøms i verdikjeda er det avfall frå emballasje og matsvinn som er hovudutfordringa.

Avfall og sirkulærøkonomi er tett knytt saman og krev ei heilskapleg tilnærming, både i materialkrinslaupet og i det biologiske krinslaupet. Sirkulær bioøkonomi handlar om å korleis me handterer alle dei biologiske, eller organiske stoffa i krinslaupet. Det kan være snakk om fôrrestar eller død fisk i produksjonen, utslepp av næringsstoff, eller slakteavskjer og blod, frå slakteriet.

Mål

Me har som mål at heile fisken skal nyttast. Samtidig skal me unngå at ressursar kjem på avvege gjennom å sørge for å ikkje bruke meir enn me må og gjenbruka der me kan. Me har fokus på å redusere dødelegheita, samt auke oppsamlinga av slam frå fiskeavføring og fôrrestar frå anlegga.

Innanfor ikkje-organisk avfall (både farleg og ufarleg) har me som mål å redusere mengda avfall som vert generert, samtidig som me aukar mengda som vert resirkulert eller brukt om att. Me har mål om å redusere andelen avfall som går til deponi eller forbrenning utan energigjenvinning med 60 % innan 2023.

Retningslinjer

Alt avfall skal handterast av godkjente returbedrifter og i samband med regelverk og beste praksis.

Alle anlegg skal arbeide for å minimere avfall og auke sorterings- og resirkuleringsgrada av levert avfall.

Lokalt skal me skal me arbeide for å kjempe mot utfordringa med mikroplast i havet og bidra til å halde strendene reine.

Tiltak og handling

Me skil mellom avfall, biprodukt, utslepp og matsvinn. Biprodukt er produkt som kunne vorte avfall dersom me ikkje hadde nytta det og inngår som ein del av vår sirkulærstrategi og er dekkja av dette emnet, men inngår ikkje i rapportert mengd avfall. Utslepp av for eksempel næringsstoff og slam inngår i tråd med GRI 306 ikkje i dette emnet, men er eit viktig område og er omtalt i avsnittet om vatn og utslepp.


I produksjon av laks har me generelt lite avfall, og ein stor del av avfallet me har frå våre anlegg vart resirkulert. Avfallet omfattar mellom anna brukte nøter, tau og fôrslangar, samt ei mindre mengd restavfall og farleg avfall som malingsrestar og brukte smøreoljer. Ved utskifting av merdanlegg, flåtar eller fartøy kan dette òg føre til avfall for eksempel i form av skrapmetall. Me nyttar eksterne tredjepartar for handtering av avfallet. Me hentar òg inn årleg rapportering frå leverandørane for å følgje opp mengde og type avfall levert, korleis det vart handtert og at handteringa skjer i tråd med regelverket.

Me har gode rutinar for reparasjon og vedlikehald for å forlengje levetida på utstyr. Utstyr som nøter og merdar vart returnert og resirkulert etter avslutta levetid. Me nyttar slitesterke, antistatiske fôrslangar av høg kvalitet, for å betre tilhøva for dei tilsette og unngå utslepp av mikroplast frå innvendig slitasje av slangane. Brukte fôrslangar vart returnerte og resirkulert til nye produkt. Når me skiftar ut gamle anlegg, fôrflåtar eller båtar vil dette òg bidra til avfall, men både stål, aluminium og PE-plast er 100% resirkulerbart.

Me støttar organisasjonar som arbeider for å kjempe mot plast i havet og deltek jamleg på strandryddeaksjonar med utstyr og personell.



Visste du at lakseskinn kan brukast til alt frå klockereimer og belter til sårheling og snacks?



Laksehovud er ypperleg til å lage fiskekraft og supper!



Avskjær frå filletering er supert som laksetartar, i pokeblows eller til lakseburgere

Hovudprodukt

Hovudproduktet vårt, laks og aure, blir ete av menneske verda rundt. Laks har eit svært høgt filetutbytte som sikrar at ein stor del av fisken faktisk kan gå til høgverdig humant konsum.

Biprodukt av laks

100% av fisken me produserer vert nytta og det vert laga ei rekke spanande biprodukt frå dei ulike delane.

Avskjer frå filletering kan bli til gode lakseburgere, medan trimming av feitranda langs buken er svært ettertrakta til sushi i mange marknader.


Når ein lagar skinnfrie laksefiletar får me òg lakseskinnet som eit biprodukt. Her finst det selskap som spesialiserer seg på å lage produkt av lakseskinn, og alt frå sunne laksechips til klockereimer og belte kan lagast av lakseskinnet.

Andre delar som laksehovud og ryggbein kan gå både til humant konsum og til dyrefôr. Blod og innvollar vart foredla til lakseolje som er ei verdifull råvare i fôr til andre husdyr enn laks (animalske biprodukt kategori 3) og går slik tilbake i fôrslakelen og det biologiske kretsloopet.

Andre organiske produkt


All død fisk frå produksjonsfasen vert ensilert og levert for bruk, normalt til anten pelsdyrfôr, biogass, biodrivstoff eller kompost (animalske biprodukt kategori 2).

Frå 2023 vil me òg samle opp slam som vil bli nytta til biogass og gjødsel samt starte småskala FoU-produksjon av blåskjel produsert på oppløyste næringssalt frå laksen. Blåskjel kan for eksempel foredlast til blåskjelmjøl som òg kan inngå i fôr til laks.






Brukte fiskegarn fungerer supert til gjenbruk som nett i fotballmål!



Tilsette i Eide deltek òg i år på rydding av strender i nærområda våre.

Biprodukt og avfall per kg slakta



Resultat og effektivitet

Allt avfallet er handtert av godkjente returbedrifter i tråd med gjeldande lover og forskrifter for avfallshandtering. Det same gjeldt handtering av animalske biprodukt.

Eide har òg i 2023 delteke på lokale strandryddeaksjonar, blant desse ryddeaksjonen Rein Hardangerfjord 2023, der Eide stiller med både mannskap og fartøy, samt med finansiering av forskingsprosjektet som er leia av stiftinga Framtidshavet har som mål å utvikle ein strategi for rydding av marin forsøpling i fjordsystem over heile verda.

Me har framleis ein veg å gå når det gjeld sorteringsgrad på avfallet me leverer, og det er forbedringspotensial med tanke på å alltid leite etter beste mogelege bruk av ressursane. Retursystema for gjenvinning i Noreg er generelt gode og med lett tilgjengelege løysingar for resirkulering kan det kan være krevjande å leite etter gode høve for gjenbruk.

Mengda av både avfall og biprodukt har vore stabile dei siste åra. Animalske biprodukt i kategori 3 kjem frå sløyesvinnet som alltid utgjer om lag 17% av den levande vekta til laksen. Animalske biprodukt i kategori 2 er ensilasje frå død fisk og mengda her er redusert i tråd med at dødelegheita i produksjonen har gått ned. Mengde levert avfall er stabilt og utgjer ein liten del samanlikna med ensilasje og biprodukt. Sidan avfallsmengda er låg vil den naturleg kunne variere mykje frå år til år, mellom anna i samband med utskifting av merdar, flåtar eller fartøy.

I takt med at me kjem til å auke oppsamling av slam frå produksjonen vil mengde levert avfall og biprodukt truleg auke i åra som kjem. Dette skuldast at slammet i dag er rapportert som «utslepp til sjø» og ikkje som avfall eller biprodukt. Me vonar at dette slammet på sikt vil verte ein viktig ressurs og eit kommersielt produkt.

Avfall generert i tonn

Avfall etter art (GRI 306-3)	Avfall generert	Til gjenbruk/ resirkulering	Til avfalls- handtering
Ikkje farleg avfall	136	126	10
Farleg avfall	16	0	16
Total mengd avfall	152	126	26
Avfall etter handtering (GRI 306-4, 306-5)	Internt	Eksternt	Totalt
Gjenbruk	0	0	0
Resirkulering	0	126	126
Forbrenning utan energigjenvinning (inkl. farleg avfall)	0	16	16
Forbrenning med energigjenvinning	0	3	3
Deponi	0	5	5
Anna handtering	0	2	2
Total mengd handtert	0	152	152

Karbonavtrykk frå vår laks



Karbonutslepp

Klimaendringane er ei av vår tids store utfordringar, og dei negative konsekvensane av dei er stadig meir synlege. Matproduksjon står for om lag ein tredjedel av verdas samla karbonavtrykk, og beslaglegg ein stor del av landjorda vår, noko som igjen legg press på både biodiversitet, jordsmonn og ferskvassressursar.

Laks og annan fisk har eit lågare CO₂-avtrykk enn industriell kjøttproduksjon på land. Eit kosthald med meir fisk og mindre kjøtt vil difor bidra til reduserte utslepp, alt anna likt. Det er positivt.

Samtidig så er det store rom for forbedringar i havbruket, og alle bedrifter og næringar må gjere sin del om me som samfunn skal nå måla i Parisavtalen. Det er viktig for oss, og for våre interessentar. Av dei eksterne interessentane våre er særleg bankar og finansinstitusjonar er opptekne av dette.

Innanfor havbruket har me ei stor kjelde til utslepp av CO₂ og det er råvarene til laksefôret. Utslepp frå fôr utgjør om lag 80-85% av karbonavtrykket til laksen me produserer. Det er særleg dei plantebaserte råvarene, som soya, raps og kveite som står for ein stor del av dei absolutte utsleppa. I måling av utsleppsintensitet per kg er fôrutnytting og å unngå dødelegheit og særskild viktig.

I tillegg er transport til marknad ei stor kjelde til utslepp, særleg dersom fisken vert frakta med fly.

Mål og retningslinjer

Me trur at framtidens matproduksjon må vere karbonnøytral og at kundane våre ynskjer å kjøpe og ete trygg, sunn og god mat utan karbonavtrykk. Me har derfor ein langsiktig nullvisjon for utslepp av CO₂. Fram mot 2030 har me òg mål om å kutte karbonintensiteten våre direkte utslepp (scope 1) med minst 60%, og dei samla utsleppa inkl scope 3 med minst 50% samanlikna med vårt basisår 2018, i tråd med 1,5-graders målet i Parisavtalen.

Tiltak og handling

Me kan dele våre tiltak i fire kategoriar; tiltak for å kutte egne utslepp i scope 1 og scope 2, tiltak for å kutte indirekte utslepp i scope 3 og kompenserte tiltak for utslepp me ikkje klarar å kutte sjølv endå.

Scope 1 tiltak:

For oss var det viktig å starte med oss sjølve og våre direkte utslepp i scope 1. Me sat oss derfor i 2016 mål om å elektrifisere alle anlegga våre med landstrøm eller hybrid drift. Framover har me òg mål om å gradvis elektrifisere båtane våre.

Scope 2 tiltak:

Etter kvart som me erstattar fossilt brensel i scope 1 med elektrisitet vil utsleppa våre frå scope 2 auke utan andre tiltak. I tillegg til å kutte utslepp ynskjer me å bidra til å stimulere lokal kraftproduksjon og skiftet til rein energi. Me skal derfor kjøpe grøn lokal vasskraft til vårt kraftbehov.

Scope 3 tiltak:

Indirekte utslepp i scope 3, og særleg utslepp knytt til produksjon av fôr og fôrvarer står for det meste av karbonavtrykket til laksen. Dette er derfor eit svært viktig fokusområde for å redusere det totale avtrykket per kg produsert laks. For oss handlar dette om to ting. Det fyrste er å sikre at me får det riktige fôret, noko me sikrar gjennom kontinuerleg utvikling og testing, samt tett og god dialog med våre fôrleverandørar. Det andre er å få mest mogeleg kvalitetslaks ut av fôret me nyttar og det viktigaste for å oppnå dette er å halde dødelegheita, fôrfaktoren og fôrsvinnet så lågt som mogeleg gjennom heile produksjonen.




Kompenserte tiltak:

Til slutt har me tiltak retta mot å kompensere for utsleppa som me endå ikkje har klart å kutte sjølve. Me kompenser for våre egne uunngåelege, resterande utslepp gjennom å støtte karbonreducerande prosjekt som òg bidreg til å styrke lokalsamfunn og bevare naturen. Kompensasjonen er gjort etter krava i The CarbonNeutral Protocol, den globale standarden for karbonnøytralisering og gjer at me har oppnådd sertifisering som CarbonNeutral® Company.

I Eide likar me å konkurrere, også på klimakutt og berekraft. I tett dialog med fleire av våre interessentar har me satt oss svært ambisiøse klimamål.

Christoffer
Berekraft- og økonomisjef





Resultat og effektivitet

Scope 1 resultat

For 2023 oppnådde me eit utslepp i scope 1 på 1 136 tonn CO₂e. Scope 1 utsleppa er reduserte med 10% i absolutte tal samanlikna med basisåret 2018, og med 59% målt per kg laks produsert. Reduksjonen i utsleppsintensitet skuldast i hovudsak grunna overgang til landstraum på anlegga, medan reduksjonen i absolutte utslepp er lågare grunna vekst i produksjon.

Scope 2 resultat

I 2023 nytta me berre rein energi frå norsk, lokal vasskraft. Utsleppa her vart difor berre på 20 tonn CO₂e, ei reduksjon på 98% samanlikna med kva dei ville vore med gjennomsnittleg europeisk kraftmik.

Scope 3 resultat

Våre indirekte utslepp i scope 3 var på 51 477 tonn, der før utgjorde 43 582 tonn. Scope 3 utsleppa er reduserte med 4 395 tonn, tilsvarande ei reduksjon på 8%, medan scope 3 utslepp per kg er redusert med 1,66 kg CO₂e per kg laks, tilsvarande 40%.

Kompenserande resultat

Eide støtta i 2023 karbonfinans-prosjekter som bidrog til ein reduksjon på 3 105 tonn CO₂e. Me har då kompensert for alle dei uunngåelige, resterande utsleppa frå selskapa våre i Scope 1 og 2, samt dei scope 3 utsleppa som er knytt til vår eiga verksemd, slik som forretningsreiser og avfall. Kompensasjonen er gjort etter krava i The CarbonNeutral Protocol, den globale standarden for karbonnøytralisering. Som eit resultat er Eide sertifisert som ei karbonnøytral bedrift. I tillegg inkluderer kompensasjonen alle karbonutsleppa i verdikjeda til laksen frå egg til ferdig slakta laks basert på krava i The CarbonNeutral Protocol for laks som er sertifisert som karbonnøytral.

I 2023 har me vald å støtte eit prosjekt for å redusere gasslekkasjar i distribusjonsnettet for naturgass i Bangladesh. Naturgass er den viktigaste energikjelda i Bangladesh, men manglande vedlikehald fører til store metan-utslepp. Gjennom prosjektet er over 37 000 lekkasjar tetta. Tidlegare har CO₂-kompensasjonen frå Eide også gått til ei rekkje andre prosjekt, frå å bidra til reine kokemogelegheter i Malawi, til å skaffe hushald i India varmt vatn basert på solvarme, restaurering av våtmarksområde i USA og til skogbevaringsprosjekt i Canada.

Samla resultat

Totalt vart samla utslepp per kg laks produsert før kompenserande tiltak på 2,53 kg CO₂e, eller 2,38 kg netto inkl kompenserande tiltak. Dette svarar til ein reduksjon på 1,81 kg CO₂e per kg laks eller 42% samanlikna med basisåret 2018 på 4,34 kg.

Totalt har me redusert utsleppa våre med 5 973 tonn CO₂e årleg før kompenserande tiltak, tilsvarande ei absolutt reduksjon på 10% årleg. Reduksjonen i karbonintensitet er større enn den absolutte reduksjonen målt i tonn grunna auke i produksjonsvolumet i perioden.

Me lagar vårt eige klimarekneskap etter GHG Corporate Protocol og her kan du lese meir om dei ulike tiltaka våre, utsleppa frå produksjonen vår og korleis dei er berekna og korleis me kompenserer for vårt avtrykk. Det komplette klimarekneskapet vårt finn du på vår heimeside www.efb.no



CarbonNeutral.com



CarbonNeutral.com

Klimarekneskap

GRI 305-1, 305-2, 305-3, 305-4, 305-5

GHG utslepp, tonn CO2e	2023 reported	2018 base line	Δ in CO2e	Δ in %	
Scope 1 Direkte utslepp	1,136	1,795	-	659	-37 %
Scope 2 Kjøp og forbruk av straum	20	939	-	919	-98 %
<i>Scope 2 utan opprinnelsesgarantiar</i>	<i>1,779</i>	<i>939</i>		<i>841</i>	<i>90 %</i>
Sum scope 1 + 2	1,156	2,734	-	1,578	-58 %
Innkjøpte varer og tenester	49,194	54,143	-	4,949	-9 %
Drivstoff og energi-relaterte aktiviteter	248	461	-	213	-46 %
Oppstrøms transport og distribusjon	1,005	741		265	36 %
Avfall	5	51	-	46	-91 %
Forretningsreiser	39	9		29	316 %
Nedstrøms transport og distribusjon	986	467		519	111 %
Sum Scope 3	51,477	55,871	-	4,395	-8 %
Brutto GHG utslepp	52,632	58,605	-	5,973	-10 %
Kompenserte utslepp	-	3,105	-	3,105	
Netto GHG utslepp	49,527	58,605	-	9,078	-15 %

GHG intensitet, kg CO2e per kg produsert	2023 reported	2018 base line	Δ in kg CO2e	Δ in %	
Scope 1 Direkte utslepp	0.05	0.13	-	0.08	-59 %
Scope 2 Kjøp og forbruk av straum	0.00	0.07	-	0.07	-99 %
<i>Scope 2 utan opprinnelsesgarantiar</i>	<i>0.09</i>	<i>0.07</i>		<i>0.02</i>	<i>23 %</i>
Sum scope 1 + 2	0.06	0.20	-	0.15	-73 %
Innkjøpte varer og tenester	2.37	4.01	-	1.64	-41 %
Drivstoff og energi-relaterte aktiviteter	0.01	0.03	-	0.02	-65 %
Oppstrøms transport og distribusjon	0.05	0.05	-	0.01	-12 %
Avfall	0.00	0.00	-	0.00	-94 %
Forretningsreiser	0.00	0.00		0.00	170 %
Nedstrøms transport og distribusjon	0.05	0.03		0.02	57 %
Sum Scope 3	2.48	4.13	-	1.66	-40 %
Totale GHG utslepp per kg	2.53	4.34	-	1.81	-42 %
Kompenserte utslepp per kg	-	0.15	-	0.15	
Netto GHG utslepp per kg	2.38	4.34	-	1.96	-45 %

Vatn og utslepp



Vatn og utslepp

Akvakultur medfører utslepp av oppløyste næringsstoff og organisk materiale. Tilførsel av organisk materiale kan potensielt føre til opphoping på botnen under anlegga, medan oppløyste næringsstoff kan føre til ei overgjødning av vatnet som igjen kan påvirke økosystema negativt.

Opphoping av organisk materiale under anlegga er ikkje varig, og ved fjerning av merdane vert tilhøva normalt raskt tilbakeførte til opphøveleg tilstand. Påverknaden frå tilført næringsstoff og gjødning kan være både positiv og negativ, avhengig av kor næringsrik ellerfattig resipienten er. På eit nasjonalt nivå er miljøstatusen i dei norske fjordane og vassdraga generelt svært god, men overgjødning er likevel ei utfordring lokalt fleire stader, særleg i fjordsystem med låg utskifting av vatn. Sjølv om statusen dei fleste stadar er god er kapasiteten til resipienten også her avgrensa, noko som gjer at den påverkar mogelegheita for vekst i produksjonen.

Akvakultur er ei produksjonsform som nyttar svært lite ferskvatn, noko som er positivt samanlikna med annan husdyrproduksjon.

Til tross for at den faktiske negative påverknaden er avgrensa er den potensielle negative påverknaden ikkje ubetydeleg. Det er òg eit emne som er viktig for fleire av våre interessentar. Me ser difor dette som eit vesentleg emne.

Mål

Me har mål om å minimere miljøpåverknaden frå utslepp av oppløyste næringsstoff, organisk materiale og eventuelle andre potensielt skadelege stoff frå våre anlegg. Konkret har me mål om minimum «god» miljøtilstand på alle våre lokalitetar. Me skal oppnå dette gjennom ei kombinasjon av ulike tiltak, der det viktigaste på kort sikt er bruk av slamsamling på lokasjonar med krevjande resipientar.

Uavhengig av om påverknaden på fjorden er negativ eller ikkje, kan desse næringsstoffa sjåast på som tapte ressursar. Frå ein sirkulærøkonomisk ståstad ynskjer me difor å nytte desse til noko nyttig. Difor har me ein langsiktig holistisk visjon der alle ressursane vert nytta, anten ved å samle opp slammet for å foredle det til nye produkt som gjødsel til landbruk og biogass, eller ved å nytte næringsstoffa som fôr til andre marine artar som tang, tare, og blåskjel i integrert havbruk. På denne måten kan me på sikt oppnå ein netto positiv påverknad på økosystema rundt anlegga våre.

Retningslinjer

Alle Eide anlegg skal følgje gjeldande miljøkrav knytt til vassforbruk, utslepp og vasskvalitet, og arbeide for å minimere miljøpåverknaden.

Alle Eide sine anlegg skal gjennomføre jamlege undersøkingar av botnen under og i nærleiken av anlegga og det skal settast inn tiltak ved behov.

Eide skal ikkje nytte kopparbasert notimpregnering og skal i tillegg arbeide for å unngå utslepp av andre potensielt skadelege stoff gjennom å minimere bruken av kjemikalie og legemiddel i tråd med føre-var prinsippet.

Tiltak og handling

Interne rutinar

Det meste av våre utslepp kjem frå matfiskanlegga i sjøen og består av organisk materiale i form av slampartiklar frå fiskeavføring, og oppløyste næringsstoff som nitrogen og fosfor som fisken skil ut gjennom gjellene. Mengda som er tillat slept ut er regulert i våre utsleppsløyve og er underlagt tilsyn og revisjonar frå Statsforvalteren. Desse løyva set òg grenser for utslepp av eventuelle andre stoff og miljøgifter. Miljøtilstanden under og i nærleiken av anlegga vert sjekka jamleg av uavhengige ekspertar for å sikre at påverknaden er akseptabel. Settefiskanlegga som produserer laksesmolt har òg utslepp gjennom at dei tek inn ferskvatn i anlegget som deretter vert slept ut igjen saman med oppløyste næringsstoff frå fisken.

Produksjonen vert tilpassa dei lokale forholda, slik at ein ikkje går over bereevna til den enkelte lokaliteten. Selskapet rettar seg etter alle reglar og påbod for handtering av fisk, fiskefôr og avfall og har internkontrollsystem som bidreg til å sikre dette. Selskapet er òg sertifisert etter Global GAP-standard for akvakultur.

Overvaking av miljøtilhøve under anlegga

Alle våre matfiskanlegg gjennomfører trendovervaking av miljøtilstanden på lokaliteten etter Norsk Standard 9410 (MOM-B). Undersøkingane overvaker botnforholda under og i nærleiken av akvakulturanlegga og målar påverknaden frå anlegget. Undersøkinga vert utført av et kompetent organ, som kan dokumentere fagleg kompetanse og som er uavhengig av oss. Undersøkinga vert utført med ein grabb frå merdkanten og frå båt omkring anlegga og gjev ei kvalitativ beskriving av tilhøva til botnsedimenta med ein score frå «svært god» til «svært dårleg» (1-4), der tilstand 4 vert rekna som overbelastning.

Undersøkinga skal gjennomførast med faste frekvensar basert på resultatata frå førre måling og er risikobasert på den måten at dårleg tilstand fører til hyppigare undersøkingar. Enkelte lokalitetar har låg toleevne og får raskt nedsett status, medan andre har svært høg bereevne. I dei tilfella der miljøundersøkinga viser at status under anlegget ikkje er god er tid utan fisk som regel den beste medisinen. Ved nokre lokalitetar er det hardbotn som kan gjere det vanskeleg å få til gode målingar av sediment, her vert det i tillegg gjennomført alternative miljøundersøkingar.

Bruk av ferskvatn

GRI 303-3, 303-4, 303-5

Millionar liter per år

Uttak av vatn*	3 837
- Forbruk av vatn**	0
= Utslepp av vatn***	3 837

* Berre overflatevatn, ingen av vasskjeldene er i område med avgrensa tilgang på vatn. Uttak av vatn er estimert basert på maksimalt tillat uttak eller gjennomsnittleg vasstraum per tidseining per anlegg der dette er tilgjengeleg.

** Ingen forbruk i produksjon utover små mengder frå kommunal vassforsyning til vask og reingjering etc.

*** Eit av to settefiskanlegg har installert reinseanlegg for oppsamling av slam, det andre vil installere reinseanlegg i 2024. Av utsleppet skjer om lag 1/3 til innsjø og 2/3 til sjø.

Overvaking av vasskvalitet og økosystem i fjordane

Eide deltek i tillegg i prosjektet Marin Overvaking i regi av Blue Planet som overvakar vasskvaliteten i fjordområda i Hordaland. Føremålet er å sikre at oppdrettsaktivitet i regionen ikkje overgår områda si bereevne. Prosjektet dokumenterer vasskvalitet, botnforhold og makroalgebiotop (tang og tare) gjennom året på ei rekke lokalitetar i regionen.

Overvaking av vasskvalitet og økosystem i ferskvatn



Eit av våre settefiskanlegg har utslepp til ferskvatn. Dette vatnet er difor også omfatta av jamleg prøvetaking og overvaking av miljøtilstand, på tilsvarende måte som for sjøanlegga.

Forbruk av ferskvatn

Settefiskanlegga våre nyttar ferskvatn i produksjonen av laksesmolt. Sidan alle settefiskanlegga ligg i Norge der me har mykje regn og vatn er ikkje tilgang på ferskvatn her ei stor utfordring. Me har difor ikkje eigne mål og retningslinjer på dette området utover at me skal operere innanfor gjeldande vassrettigheitar og miljøkrav. Ferskvatnet i settefiskproduksjonen vert ikkje forbrukt i direkte forstand, men renn igjennom anlegget og vert deretter vert slept ut igjen saman med oppløyste næringssalt frå fisken. GRI definerer forbruk av vatn som vatn som er brukt i produksjonen og som enten er konsumert, fordampa, eller forureina i ei slik grad at det ikkje lenger kan nyttast av andre og difor ikkje kan returnerast til vasskjelda eller resipienten. Eit typisk settefiskanlegg tek inn ferskvatn frå ein ferskvassinnsjø eller eit elveinntak nær elvemunningen, og slepp ut igjen vatnet der elva renn ut i sjøen. I nokon tilfelle kan ferskvatnet verte vurdert som forbrukt, typisk dersom vår bruk fører til at det ikkje lenger er tilgjengeleg for andre føremål eller ikkje lenger kan returnerast til sjø eller vatn. Settefiskanlegg kan òg reinse og resirkulere ferskvatnet dersom tilgang på nok ferskvatn er ei utfordring.

Oppsamling av slam

Me har i 2023 investert i utstyr for oppsamling av slam på to av våre lokalitetar med høgast risiko for negativ påverknad på resipient. Dette utstyret vil bidra til å redusere belastninga på desse områda ved at ein stor del av det partikulære utsleppet kan samlast opp. Etter oppsamling vert mykje av vatnet fjerna for slammet vert nytta i biogassproduksjon eller som gjødsel i landbruket.

Miljøstatus på våre lokalitetar (MOM-B)


Settefiskanlegget vårt ved Skogseidvatnet fekk installert nytt reinseanlegg for slam i 2023. Dette bidreg til å redusere utsleppa til vatnet, samtidig som slammet vert nytta som gjødsling for lokale bønder.



Vårt FoU-anlegg for integrert havbruk ligg i idylliske Nordfjord.



I tillegg til å være mat fungerer blåskjela til vassreinsing og karbonfangst og lagring!



Kråkeballar er ei ettertrakta delikatesse som lever av tare. Her frå servering på Iris.

Integrert havbruk

I 2022 fekk me løyve til integrert havbruk på lokasjon Torvneset i Nordfjord. I 2023 starta me opp eit små-skala FoU forsøk med blåskjelproduksjon i integrert havbruk saman med lakseproduksjonen på den økologiske nabolokasjonen Hundvika Aust.

Blåskjel er ein musling-art som veks gjennom å filtrere store mengder vatn og tek på denne måten opp mange av dei same næringsstoffa som laksen skil ut. I 2024 har me òg planar om å starte dyrking av tang og tare på Torvneset. Ved å ta opp nitrogen, fosfor og CO₂ frå omgivingane veks taren ved å konvertere CO₂ til karbohydratar gjennom å utføre fotosyntese under vatn. Verken blåskjel- eller tareproduksjon er kommersielt lønsamt i stor skala i Noreg i dag, verken for humant konsum eller til fôr, då det krev store investeringar og store areal. Likevel har arten eit stort potensial både som menneskemat og førråvare dersom det er vilje til det politisk og lokalt.

Produksjon av blåskjel og tare i integrert havbruk med laks er må mange måtar eit naturleg kinderegg. Når dei veks reinsar taren og skjella vatnet for stoffa som laksen skil ut, og fungerer på denne måten som eit naturleg reinseanlegg. I tillegg skapar taren og skjella mat og skjulestadar for eksisterande artar, noko som bidreg til betre biologisk mangfald i området. På toppen av det heile bidreg produksjonen til å binde CO₂.

Resultat og effektivitet

Me har totalt elleve ulike aktive sjølokalitetar i konsernet. Av desse hadde fem miljøtilstand svært god, fem hadde god og éin hadde tilstand dårleg etter siste MOM-B-undersøking. Ingen hadde tilstand svært dårleg. I 2020 hadde me ein lokalitet med tilstand svært dårleg, denne var brakklagt i 2021 og tilstanden er no betra, men framleis utfordrande. På denne lokaliteten har me no investert i ny teknologi for å samle opp slampartiklar frå fiskefeces for å redusere belastinga under anlegget ytterlegare med mål om å få heva lokaliteten til tilstandsklasse god.

Me har to setjefiskanlegg i drift, der det eine har utslepp til sjø med god miljøtilstand, medan det andre har utslepp til ferskvatn. Dette ferskvatnet har nyleg vorte klassifisert med moderat økologisk tilstand etter krava i EU sitt Vassdirektiv. I samband med dette har verksemda fått pålegg om ytterlegare miljøundersøkingar. Ved dette anlegget har me òg i 2023 investert i, og tatt i bruk reinseanlegg for samling av slam som vesentleg reduserer vårt utslepp til vatnet og me ventar at dette tiltaket vil bidra til betra miljøtilstand i vatnet. Det andre setjefiskanlegget har per i dag ikkje reinseanlegg for samling av slam, men det er fatta vedtak om investering i slikt anlegg og det vil bli teke i bruk i 2024 for å ytterlegare redusere utsleppa også frå dette anlegget.

Me har tru på at desse tiltaka vil verke positivt og er optimistiske med tanke på å nå målet vårt om 100 % god eller svært god tilstand. I 2023 oppfylte 91% av anlegga kravet, mot 91 % òg i 2022. Alle anlegga er underlagt kontroll av miljøvernavinga hjå Fiskeridirektoratet. Det vart ikkje nytta kopparbasert notimpregnering i 2023.

Framtid

EBIT/kg

20

Slaktevolum

19 582

Eigenkapital (%)

44

Investeringar (mill NOK)

188



Klimarisiko og -tilpassing



Klimarisiko og -tilpassing

Klimaendringane vil påverke både temperatur, været og nedbørsmønsteret, ikkje berre på land, men òg i havet. Me kan forvente at havnivået og sjøtemperaturen stig, og at havet vert surare. Kanskje vil det òg kunne føre til at dei viktige havstraumane endrar seg.

Dette vil få betydelege konsekvensar for korleis me produserer mat på jorda, både for landbruk og havbruk. I det store biletet må me forvente at det vert vanskelegare, og dyrare, å produserer mat slik me har gjort det historisk. Me må gjere meir med mindre. Sjølv om hovuddelen av endringane er negative vil det òg oppstå positive endringar, og nye mogelegheiter.

Emnet om klimatilpassing handlar om korleis Eide kan forvente å bli råka, kva me gjer for å tilpasse oss, og kva me kan gjere for å bidra positivt i omstillinga som verda og samfunnet må igjennom.

Me deler klimarisiko inn i fysisk risiko og overgangsrisiko. Fysisk risiko handlar om konsekvensane frå ting som endra temperatur, ekstremvær og surare hav. Overgangsrisiko handlar om konsekvensane av eksempelvis reguleringar og avgifter knytt til klima og endra konsumentpreferansar som følgje av klimaendringane.

I tråd med anbefalingane til TCFD ser me på risikoar i ulike scenario, og vurderer både risiko på kort og lang sikt.

Mål

Vår visjon er å sette standarden for framtidens havbruk. Det betyr òg at me må ta høgde for konsekvensane klimaendringane kan få for havbruket. Heilt konkret handlar dette om å redusere eller unngå dei potensielle negative konsekvensane som kan oppstå som følge av både klimaendringar. For å kunne gjere det treng me å få betre kontroll over tilhøva inne i merdane, meir innsikt om endringar i omgjevnaden, og ei mogelegheit til å påverke vasskvaliteten. Gjennom over 50 års erfaring med oppdrett har me lært at det handlar om å finne løysingar som spelar på lag med naturkreftene heller enn å kjempe imot dei. Å unngå lakselusa heller enn å fjerne den. Å unngå giftige algar heller enn å kjempe mot dei. Å nytte eigenskapane til det reine vatnet i fjorden til vår fordel, heller enn å forsøke å endre dei. Basert på denne innsikta og erfaringa har me starta å visualisere og realisere framtidens havbruk - Watermoon. Gjennom denne strategiske satsinga skal me ikkje berre unngå dei fleste av dei negative konsekvensane, me skal òg gripe mogelegheitene som me ventar vil oppstå i marknaden som følge av overgangen til eit nullutslippssamfunn.

Retningslinjer

Me skal risikovurdere klimaeffektar på same måte og etter same system som me vurderer annan risiko og forretningsrisiko verksemda er utsett for. Berekraftleiar analyserer klimarisiko og funn og anbefalingar vert presenterte og diskuterte i leiargruppa. Styret har ansvar for styring av risiko og følger opp vurderingane og måltal i samband med godkjenning av berekraftrapporten.

Me skal ta omsyn til både dei kortsiktige og langsiktige risikoane, og både fysisk risiko og overgangsrisiko. Me forpliktar oss til å gjennomføre scenarioanalyser av dei viktigaste risikoane i tråd med anbefalinga frå TCFD. Me vil i åra som kjem forsøke å kvantifisere dei finansielle effektane av klimaendringane.

Risiko

Fysisk risiko

- Meir ekstremvær gjev auka risiko for rømming eller havari. Særleg kraftigare vind fører til auka risiko for fysisk skade eller havari på Eide sine anlegg, fartøy eller merdar. Skadane kan føre til både økonomisk tap i form av skade på eigedelar, men òg tap av fisk frå rømming eller skade på fisk som fører til redusert fiskevelferd eller auka dødelegheit.
- Meir ekstremvær kan føre til dyrare laksefôr. Intense tørkeperiodar, flom eller andre ekstremhendringar kan føre til tap av viktige avlingar som inngår i laksefôr som igjen kan gje auka pris på fôret.
- Varmare hav gjev auka risiko for giftige algeoppblomstringar og nye fiskesjukdommar. Med varmare hav veks potensielt giftige algar fortare og risikoen for dødelege algeoppblomstringar kan auke. Det kan òg føre til risiko for nye fiskesjukdommar eller at eksisterande sjukdommar og parasittar kan spreie seg raskare. Risikoen vil være størst på våren og sommaren, medan om vinteren kan varmare hav gje fordelar som auka tilvekst og mindre sår.
- Surare hav fører til dårlegare forhold for oppdrett. Konsekvensane av surare hav veit me mindre om, men det er truleg at det vil gje betre vekstvilkår for organismar som kan ta opp CO₂ gjennom fotosyntesen (for eksempel algar) og dårlegare for dei andre artane. Ei mogeleg konsekvens av dette er lågare oksygeninnhald i havet, dette kan påverke akvakultur i opne merdar i overflata negativt gjennom at risikoen for at fisken vert skada som følge av oksygenmangel på kritiske tidspunkt gjennom sesongen aukar.
- Endra havstraumar fører til dårlegare forhold for oppdrett. Dei globale klimaendringane kan potensielt føre til endringar i dei store havstraumane slik som Golfstraumen. Me veit lite om kva som kan føre til ei slik endring og kva sannsynlegheita er, men konsekvensane ville være store for Eide og Noreg. Utan Golfstraumen ville store deler av Noreg vore islagt deler av året og grunnlaget for lakseproduksjon slik det er i dag ville vore kraftig redusert.



Watermoon kan senkast ned under havoverflata for å unngå ekstremvær.



Kanskje kan dagens laks bli erstatta av labdyrka fiskekjøtt i framtida?

Overgangsrisiko

- Kunder føretrekk labdyrka protein eller vegansk. Utviklinga av alternative proteinkjelder aukar og plantebaserte, labdyrka eller 3d-printa alternativ vert stadig billigare. Dette kan føre til at fleire vel vekk alternativ med protein frå husdyrproduksjon og slik redusere både pris og etterspurnad på laks.
- Auka regulering, krav og avgifter gir auka kost. Ein må forvente at auka risiko for mellom anna ekstremvær fører til strengare tekniske krav som vil auke kostnaden på laks. CO2-avgifter kan òg auke kostnadsnivået. Dette kan føre til redusert konkurransekraft for norsk laks samanlikna med andre protein.

Mogelegheiter

- Kunder føretrekk protein dyrka med lågt karbonavtrykk. Ei alternativ utvikling kan være at kundane vert meir bevisste og vel produkt med eit lågare karbonavtrykk. Dette kan gje fordelar for Eide.
- Varmare hav opnar for oppdrett av nye artar. Endringane i havet vil òg føre med seg nye mogelegheiter. Varmare hav vil vere positivt for ein del av artane som allereie er her, samt opne for nye artar frå varmare farvatn.
- Klimaendringar fører til krav om lukka anlegg. Dette kan vere ei mogelegheit for Eide som er tidleg ute med å satse på lukka og nedseinka løysingar.
- Auka etterspurnad etter lukka anlegg. Dette kan opne for nye forretningsmodellar knytt til Watermoon-teknologien som Eide har utvikla.

Tiltak og handling

I tillegg til vårt fokus på å redusere eigne utslepp av CO2 som du kan lese meir om i emnet om karbonavtrykk satsar me stort på utvikling av ny teknologi. Me er trygge på at denne retninga kan løyse dagens akutte utfordringar i næringa som lakselus og dødelegheit, men at denne løysinga òg vil bidra til at me unngår dei fleste negative risikoane knytt til klimaendringar. Særleg risikoen for ekstremvær, varmare og surare hav vil Watermoon være svært godt eigna til å redusere betydeleg eller unngå heilt. På grunn av dette ser me òg fleire mogelegheiter.

Resultat og effektivitet

Me lagar årleg klimarekneskap òg måler reduksjon mot basisår. Utviklinga av ny teknologi har òg kome langt og me har gjennomført fleire vellukka produksjonssklar i skalamodelltestar, samt bygga vår første fullskala pilot. Me har enno ikkje kvantifisert dei finansielle konsekvensane av klimaendringane. Me har heller ikkje utarbeida scenario-analyser. Dette vil me ha fokus på i 2024.

<u>Beskrivelse av risiko/mogeleghet</u>	<u>Kvar</u>		<u>Tidshorisont</u>	
	<u>Drift</u>	<u>Verdikjede/ marknad</u>	<u>Kort</u>	<u>Lang</u>
<u>Fysisk risiko</u>				
Meir ekstremvær fører til rømming eller havari	x		x	x
Meir ekstremvær fører til dyrere laksefôr	x	x	x	x
Varmare hav fører til auka risiko for alge/sjukdom	x			x
Surare hav fører til dårlegare forhold for oppdrett	x			x
Endra havstraumar fører til dårlegare forhold	x			x
<u>Overgangsrisiko</u>				
Kunder føretrekk labdyrka protein eller vegansk		x		x
Auka regulering, krav og avgifter gir auka kost	x	x	x	x
<u>Mogelegheter</u>				
Kunder føretrekk laks dyrka med lågt karbonavtrykk		x	x	x
Varmare hav opnar for oppdrett av nye artar	x			x
Klimaendringar fører til krav om lukka anlegg	x			x
Auka etterspurnad etter lukka anlegg		x		x

God forretningsskikk



God forretningsskikk

Emnet god forretningsskikk handlar kort fortalt om å følge reglane som gjeld for arbeidslivet og næringslivet, som å unngå korrupsjon og anna arbeidslivs-kriminalitet, både internt i konsernet, og i verdikjeda vår. Det handlar òg slik me ser det om å verne om den norske samfunnsmodellen med eit samfunn bygd på tillit til kvarandre og til myndigheitene. På eit litt djupare plan handlar god forretningsskikk om det moralske kompasset som leiar vår åtferd og våre avgjerder, både i det daglege og når me står overfor etiske dilemma. Det er essensielt for eit føretak sin langsiktige suksess, og avgjerande for å oppretthalde tillit og integritet, og for å sikre positivt engasjement med tilsette, kundar, investorar og samfunn.

Konsekvensane av å neglisjere forretningsetikk er djuptgåande, og strekkjer seg frå finansielle straffar, operasjonelle forstyrningar til alvorleg omdømmeskade. Uetisk åtferd kan svekke tilliten frå interessentar og redusere kundelojaliteten. Det kan òg raskt føre til manglande etterleving av lover og reglar, noko som resulterer i juridiske utfordringar og finansielle tap, både for selskapet og andre involverte.

Ved å sette forretningsskikk som eit vesentleg emne understrekar me vårt genuine ønske om at me i Eide saman skal sette standarden òg innanfor dette området, ved å ha høg integritet og fremje tillit og positive bidrag til samfunnet, miljøet og fiskevelferda.

Avdekka tilfelle av korrupsjon GRI 205-3



Mål

Som ei familiebedrift med generasjonsperspektiv er det utruleg viktig med god forretningsskikk. Alt me gjer skal me gjere i tråd med våre verdier og det skal tole dagens lys.

Retningslinjer

Me anerkjenner og respekterer dei grunnleggjande menneskerettane.

Me har nulltoleranse for all økonomisk kriminalitet som kvitvasking, underslag, utpressing, prissamarbeid, korrupsjon og bedrageri.

Me skal følge reglane som gjeld i arbeidslivet og me støttar og anerkjenner arbeidaren sin fagforeiningsfridom, religionsfridom og ytringsfridom, samt retten til ei anstendig løn å leve av.

Me har nulltoleranse for alle former for barnearbeid og tvangsarbeid.

Me forventar at alle våre samarbeidspartnarar, leverandørar og underleverandørar òg etterlev desse prinsippa.

Tiltak og handling

Me er ei lita og oversiktleg bedrift og fokuserer mest på å skape og bevare gode haldningar og relasjonar bygd på gjensidig tillit. Pålitelegheit er ein av våre kjerneverdier og me skal vere til å stole på. Me forventar det same frå våre leverandørar, kundar, samarbeidspartnarar og tilsette og skal stille tydelege krav.

I tillegg til våre kjerneverdier har me implementert rutinar som skal redusere mogelegheitene for brot på våre verdier. Dette sikrar me mellom anna gjennom tett involvering frå eigar til røktar og god arbeidsdeling mellom merdane og kontoret, òg med vår eksterne regnskapsfører og revisor.

Gode ordningar og arbeidsvilkår for dei tilsette skal òg bidra til å redusere sjansen for at nokon skal trenge eller føle seg pressa til å bryte lover eller interne retningslinjer.

Me har gjennomført risikovurdering for brot på menneskerettane i verdikjeda vår i tråd med krava i Åpenhetsloven og har utarbeida erklæring om dette arbeidet som er tilgjengeleg på våre nettsider og i denne rapporten.

Me har òg gjennomført ei innleiande og overordna risikovurdering knytt til risiko for korrupsjon. Denne viser ingen vesentlege risikoar, men syner at risikoen er høgast for tilsette som arbeidar innan sal, innkjøp og forretningsutvikling, samt for våre leiarar. Me har ikkje gjennomført spesifikk opplæring i anti-korrupsjonsarbeid blant våre tilsette, men har gitt rettleiing til dei tilsette som er utsett for høgast risiko og planlegg implementering av plattform for e-læring i løpet av 2024 der ein òg kan gjennomføre opplæring i ulike teama innanfor god forretningsskikk.

Me har utarbeida etiske retningslinjer som òg omfattar område knytt til god forretningsskikk, inkludert anti-korrupsjon. Desse er kommunisert og tilgjengeleggjort for alle våre tilsette gjennom vårt IK og kvalitetssystem.

Me har utarbeida eigne etiske retningslinjer for våre kundar og leverandørar der område innan god forretningsskikk er omfatta. Desse er tilgjengeleggjort på våre nettsider.

Resultat og effektivitet

Me har ikkje avdekka tilfelle av eller mistanke om korrupsjon eller annan økonomisk kriminalitet i 2023 verken internt i Eide-konsernet eller hjå våre leverandørar.

Sporing i verdikjeda



Sporing i verdikjeda

Sporing i verdikjeda handlar om to ting. For det første handlar det om at vår kunde skal kunne få informasjon om produktet me tilbyr. Kor er den slakta, kva fôr har den ete, kva vaksiner har fisken fått, kva anlegg vart den oppdretta på og så vidare. Dette er informasjon som me har, men som me må sikre at kan følge fisken nedstraums i verdikjeda og fram til kunden. Det skal den gjere utan at informasjon går tapt, vert endra eller lagt til, og på ein måte som sikrar at kunden kan stole på at informasjonen er rett. Dersom sporinga sviktar vil det kunne føre til redusert tillit til våre produkt og opne opp kriminalitet i form av bevisst feilmerking eller kopiering.

I tillegg handlar det om sporing bakover i verdikjeda. Denne sporinga har to føremål. Den skal sikre at me får nok informasjon om kva som inngår i råvarene våre slik at me kan gje våre kundar god nok informasjon, men òg sikre at ikkje nokon av våre leverandørar har uakseptable negative påverknadar på miljøet eller bryt med grunnleggande menneskerettar. Eksempelvis overfiske av ville fiskebestandar, avskoging av regnskog for å produsere plantebaserte råvarer, eller bruk av barnearbeid. Eventuelle påverknader i verdikjeda er dekkja i eigne emne, dette emnet ser særskilt på sporing i verdikjeda.

Sporing er ekstra viktig på fisk, sidan fisk vert eksportert til ei rekkje land og ofte vidareforedla eller vidareseid.

Sertifiserte
produksjonsanlegg
GLOBAL GAP

100%

Mål

Me ønsker å tilby våre kundar full sporing på laksen dei kjøper av oss, med informasjon om kor og når rogn vart klekka, kva vaksiner fisken har fått, kva fôr den har ete, slaktetidspunkt og så vidare. Dette er vårt hovudfokus.

Retningslinjer

Me skal sikre at leverandørar i verdikjeda vår opererer i tråd med lovar og reglar og respekterer grunnleggande menneskerettar.

Me skal arbeide for full sporing gjennom verdikjeda for i sikre våre kundar full informasjon om fisken me produserer, kor den kjem frå og kva den har ete.

Tiltak og handlingar

100 % av våre anlegg er sertifiserte etter den internasjonalt anerkjente Global Gap standarden, ei global tredjepart-sertifisering som har stort fokus på både sporing i verdikjeda, mattryggleik og sosiale forhold. Global GAP reviderer òg våre nøkkelleverandørar.

I føret vårt inngår marine råvarer i form av fiskeolje og fiskemjøl. Ein del av dette kjem frå avskjer og biprodukt, og ein del kjem frå villfisk som er ueigna eller lite attraktiv for humant konsum. Alle dei marine råvarene i vårt fôr kjem frå fiskeri som opererer i tråd med FAO sine prinsipp for berekraftige fiskeri, inkludert avskjer og bifangst, og stammar ikkje frå IUU-fiskeri (ulovleg, urapportert eller uregistrert) eller frå artar klassifisert som kritisk trua eller trua i tråd med IUCN si raudliste.

Dei marine råvarene som inngår i føret består av ei rekkje artar frå ulike område og har ulike tredjepartsertifiseringar, der dei mest nytta er MSC og MarinTrust, samt fiskeriforbetringsprogram som FIP og MarinTrust IP. Ein liten del er ikkje sertifiserte, noko som kan skuldast ulike grunnar, som bifangst frå sertifiserte fiskeri, volum frå fiskeri der FIP er under etablering, eller ved kortsiktig mangel på sertifiserte råvarer. I følge vår hovudleverandør av fôr kom 94% av dei marine råvarene frå sertifiserte fiskeri. Du kan lese meir om dei marine fôrråvarene i emnet om biodiversitet.


Resultat og effektivitet

Av dei plantebaserte råvarene er det soya som har vore mest omstridt, då oftast i samband med risiko for avskoging. Eide nyttar difor berre Europeisk soya, og 100% av denne er sertifisert etter Europe Soya –standarden. Alle plantebaserte råvarer i fôr til vår fisk er GMO-frie. Både marine- og plantebaserte råvarer kan sporast hjå våre fôrleverandørar, minimum til nasjonalt nivå for opphav.

Erklæring etter Åpenhetslova



Leverandørkjeda for råvarer til fiskefôr er eit område med høy ibuande risiko



Leverandørkjeda for nøter og tauverk er eit anna område med hög ibuande risiko

**Låg risiko:**

Varer og tenester produsert med avansert arbeidskraft i land med solid beskyttelse av folk sine rettar

**Moderat risiko:**

Varer og tenester som anten er produsert av manuell arbeidskraft, eller i land med svak beskyttelse.

**Høg risiko:**

Varer og tenester produsert av manuell arbeidskraft i land eller område med svak beskyttelse.

Organisering og drift

Eide-familien har ein tradisjon for matproduksjon som strekkjer seg attende til 1600-talet. I snart 50 år har me vore med og bidrege til utviklinga av den norske oppdrettsnæringa. Vårt perspektiv har alltid vore langsiktig, det skal det fortsetje å vera.

Det meste av laksen produsert i Norge, om lag 90%, vært eksportert til andre land. EU er den største marknaden, medan USA er det største enkeltlandet. Totalt vert norsk laks eksportert til over 100 ulike land verda over.

Eide-konsernet består av elleve selskap, 128 tilsette og hadde en omsetning på 1,57 milliardar kroner i 2023. Matfiskproduksjonen i sjø skjer i dotterselskapa Eide Fjordbruk AS og Norforsk AS. Settefiskproduksjonen skjer i dotterselskapet Eide Smolt AS, samt i det tilknytte selskapet Ænes Inkubator AS. Salmon Eye AS driftar konsernet sitt visningssenter Salmon Eye. Eide Seafood AS er salsselskapet i konsernet, medan Eide Båt AS, leverer driftstenester til produksjonsselskapa i konsernet. Watermoon AS driv utvikling og kommersialisering av Eide sin nye teknologi for framtidens havbruk, Watermoon®

Leverandørkjeda

I 2023 har Eide-konsernet hatt om lag 1 000 leverandørar. Talet på leverandørar omfattar alle leverandørar av både varer og tenester til konsernet.

Me har i 2023 hatt all vår verksemd i Noreg og handlar i all hovudsak våre varer og tenester frå lokale, norske verksemdar. I denne kategorien ligg mellom anna alle våre smoltleverandørar, elektro og automasjon, verft for reparasjon og vedlikehald av båtar, leige av båtar for behandling av fisk og kjøp av slakteritenester.

Me har òg ein del leverandørar av varer og tenester i andre europeiske land. Her vurderer me òg risikoen som låg når vara eller tenesta er basert på avansert arbeidskraft. I nokre tilfelle, for eksempel ved kjøp av større utstyr som forflåtar eller båtar, vil skrog kunne være produsert av underleverandørar på utanlandske verft. Denne type tilverknad har ei kombinasjon av avansert og manuell arbeidskraft.

Retningslinjer og rutinar

Vårt arbeid med å handtere risiko for brot på menneskerettane er forankra i vår visjon om å «Sette standarden for framtidens havbruk». Etter vårt syn er det ikkje mogeleg å sette standarden for noko som helst utan ei grunnleggande respekt for menneskerettane i alt me gjer.

Arbeidet er også forankra i våre kjerneverdiar; Samarbeidsvillig, Uredd, Påliteleg og Nytenkjande. I påliteleg ligg det at me skal ha tillit til kvarandre og stå for det me seier og gjer. I verdien uredd ligg mellom anna at me skal tørre å sei ifrå når noko er gale, og tørre å gå våre egne vegar. Me forventar det same frå våre leverandørar.

Me har også definert fire løfter som skal være førande for korleis me driv verksemda vår. Me kallar dette for våre fire F-ar; Folk, Fisk, Fjord og Framtid. Løftet Folk handlar både om korleis me tek vare på folka i verksemda, både dei tilsette og folk hjå innleigde eller leverandørar, om forholdet til folk i lokalsamfunna der me driv, og om folka som til slutt skal ete produkta me lagar.

I tillegg til desse overordna retningslinjene har me definert etiske retningslinjer for verksemda og våre leverandørar.

Gjennomføring av interne aktsemdsvurderingar for Eide vert utførte i samarbeid mellom leiar for berekraft, kvalitet og innkjøp i konsernet, men det overordna ansvaret for gjennomføring og samsvar med lovkrav ligg hjå leiinga og styret.



OECD-modellen for aktsemdsvurderingar

Oppfølging av leverandørar innanfor områder med høgare risiko, handterer me hovudsakleg gjennom informasjonsinnhenting og eventuelt revisjonar.

2024 er det andre året Eide publiserer ei Erklæring etter Åpenhetsloven. Erklæringa til Eide er baserte på årleg risikovurdering, fortløpande risikovurdering av nye leverandørar, og særskild oppfølging av leverandørar innanfor risikogrupper med høgare risiko.

Proessen og erklæringa er forankra i selskapsleiinga, og erklæringa er signert av dagleg leiar og styret i sin heilskap. Eide sitt arbeid med Åpenhetsloven vert òg gitt att i Eide sin års- og berekraftrapport, med ei tilvising til kvar erklæringa og annan informasjon om arbeidet vårt med aktsemdsvurderingar er publisert.

Kartlegging av risiko og funn

Basert på arbeidet me har gjort, og den informasjonen me har fått til no, har me har ikkje avdekket tilfelle av faktiske brot på grunnleggjande menneskerettar eller mistanke om slike brot.

Me har gjennomført ei kvalitativ, risikobasert vurdering der me har gått igjennom dei ulike prosessane og aktivitetane i verksemda vår, og kategorisert ibuande risiko basert på kva land vara eller tenesta normalt vert levert frå og kva type arbeidskraft som vært nytta:

- Låg risiko: Varer og tenester produsert med avansert arbeidskraft i land med solid beskyttelse av folk sine rettår
- Moderat risiko: Varer og tenester som anten er produsert av manuell arbeidskraft, eller i land med svak beskyttelse.
- Høg risiko: Varer og tenester produsert av manuell arbeidskraft i land eller område med svak beskyttelse.

Når det kjem til potensiell risiko er vår vurdering at det er høgast risiko knytt til to leverandørgrupper, dette gjeld:

- leverandørar av fiskefôr
- leverandørar av nøter og tauverk.

Fôr utgjør ein stor del av våre kostnader og råvarene til fôret kjem frå ei rekke mindre underleverandørar i ei rekke ulike land, fleire av desse kan være sårbare land og område med låg grad av beskyttelse.

Produksjon av notlin og tauverk krev mykje manuelt arbeid og skjer ofte med bruk av underleverandørar i lågkostland, mellom anna i India.

Sidan førre erklæring har me fått ein ny leverandør innanfor desse leverandørgruppene og i 2023 har me totalt seks leverandørar innanfor desse to kategoriane.

Sjølv om dette er områder med høgare risiko, har me ikkje fått kjennskap til konkrete tilfelle med avdekket negative konsekvensar. Basert på informasjon me har fått vurderer vi at leverandørane har etablerte rutinar og retningslinjer for risikovurdering, innkjøp og leverandørkontroll, samt gjennomføring av revisjonar og tilsyn der risikoen er høgast. Alle leverandørane har òg ei eller fleire tredjeparts-sertifiseringar som ytterlegare reduserer risiko, under dette eksempelvis Global GAP, ASC, ISO 9001 eller «Great place to work», og leverandørane er sjølv underlagt krav om rapportering etter Åpenhetslova. Basert på dette vurderer me at risiko etter eksisterande tiltak hjå våre leverandørar er akseptabel.



Våre tiltak

I 2023 har vårt hovudfokus vore å jobba vidare med retningslinjer og krav til våre leverandørar, og dessutan rutinar og system for å kommunisera desse til leverandørar.

Me har i 2023 jobba vidare med å utarbeida Eides eigne generelle vilkår for innkjøp av varer og tenester. Gjennom desse stiller me no krav knytt til Åpenhetsloven og etterleving av dei etiske retningslinjene våre for leverandørar.

Me har også arbeidd med å revidera dei etiske retningslinjene våre for leverandørar, og den oppdaterte versjonen av desse har vorte publisert på nettsida vår. For dei seks leverandørane me har innanfor gruppene identifisert med høg risiko, vil me gjera eit ekstra tiltak knytt til dette ved å innhenta signert erklæring på dei etiske retningslinjene våre.

I tillegg til dette vil me også halde fram dialogen med leverandørane me har innanfor dei identifiserte høgrisikogrunnane, og ny leverandør innanfor desse vil me følgja særskilt opp i 2023 gjennom fullføring av due diligence-handlingar, samt kartlegging av risiko gjennom dialog med leverandør og eventuelle tiltak.

Vidare oppfølging og konklusjon

Tiltaka me vil jobba vidare med dreiar seg hovudsakleg om å vidareutvikla rutinar og system for oppfølging og gjennomføring av aktsemdsvurderingar, og intern og ekstern kommunikasjon knytt til dette.

I tillegg vil me særskilt følgja opp leverandørar innfor gruppene fiskefôr, og nøter og tauverk.

Basert på at me gjer våre eigne risikovurderingar og innfører tiltak der risikoen er størst, meiner me at risikoen for brot på menneskerettane i verdikjeda vår i all hovudsak er låg.

Frå tiltaka me jobbar vidare med forventar me å kunna halda risikoen for framtidige negative konsekvensar låg, og dessutan sikre ei formålstenleg handtering av eventuelle faktiske konsekvensar.

Eidestøa, 7. mai 2024

Sondre Eide
Styremedlem/
Dagleg leiar

Erlend Eide
Styremedlem

Randi Herre Eide
Styreleiar

Årsrekneskap

Årsberetning frå styret

Året 2023, organisering og strategi

Verksemda til konsernet er oppdrett av laks og aure i sjø, og verksemda blir driven på tolv matfisklokalitetar og to setjefiskanlegg i Vestland fylke, frå Hardanger i sør til Nordfjord i nord.

Eide Fjordbruk Holding AS si verksemd er investering i aksjar og verdipapir, samt utleige av eigedom og utstyr innanfor oppdrettsnæringa. Selskapet har sitt hovudkontor i Eidestøa i Bjørnafjorden Kommune og er morselskapet i Eide-konsernet. Konsernet består av ei rekke dotterselskap tilknytt akvakulturverksemda.

Eide har som visjon å sette standarden for framtidens havbruk. Vidare skal me være samarbeidsviljuge, uredde, pålitelege og nytenkjande. Eide skal vere ein støttespelar og vise samfunnsansvar i dei kommunane me har aktivitet i, og me skal levere resultat innanfor fire dimensjonar; Folk, Fisk, Fjord og Framtid.

I 2023 opna restauranten Iris på Salmon Eye i Hardanger. Gjennom ei kombinasjon av natur, design og arkitektur, og ei reise i nye smaksopplevingar skal Salmon Eye og Iris skal setje fokus på berekraftig matproduksjon i havet. To heilelektriske båtar fraktar besøkjande til senteret.

Gjennom Watermoon har me òg starta utviklinga av vår eigen oppdrettsteknologi for framtida. Teknologiavdelinga har fått ei rekkje nye tilsette i 2023 og me gler oss til å følgje utviklinga her framover.

Finansielle forhold

Konsernet omsette for 1 553 millionar kroner i 2023, ei auke på 20 % frå 1 291 millionar kroner i 2022. Dette er den høgaste omsetninga konsernet har hatt. Endringa skuldast i hovudsak ein kombinasjon av auka slaktevolum og gode oppnådde prisar for konsernet sine produkt. Konsernet hadde i 2023 eit slaktevolum på 19 582 tonn rund vekt, ei auke på 11 % frå 17 562 tonn i 2022. Driftsresultatet blei på 329 millionar kroner, mot 368 millionar kroner i 2022. Årsresultatet var på 163 millionar kroner mot 229 millionar kroner i 2022.

Eigenkapitalen i konsernet var 1 062 millionar kroner per 31.12.2023, samanlikna med 930 millionar kroner per 31.12.2022. Eigenkapitalandelen i konsernet er på 44 % per 31.12.2023, mot 50 % per 31.12.2022. Reduksjonen i eigenkapitalandelen skuldast i hovudsak implementering av grunnrenteskatt og bokføring av utsett grunnrenteskatt.

Kontantstraumen frå operasjonelle aktivitetar var positiv med 140 millionar kroner i 2023, mot 231 millionar kroner i 2022. Kontantstrøm frå operasjonelle aktivitetar er lågare enn driftsresultatet i hovudsak grunna auka verdi av varelager og auka kundefordringar.

Konsernet har i 2023 investert 190 millionar kroner i nye driftsmiddel. Dei største investeringane i 2023 er knytt til utvikling av ny teknologi for lukka oppdrettsanlegg i sjø. Investeringane er i hovudsak finansierte med langsiktig gjeld.

Netto renteberande gjeld i konsernet var på 477 millionar kroner per 31.12.2023 og bestod av langsiktig banklån på 467 millionar kroner, der 200 millionar var knytt til berekraftslinka lån, leasinggjeld på 125 millionar kroner, kortsiktig bankgjeld på 39 millionar og bankinnskott på 155 millionar kroner. Netto renteberande gjeld er auka frå 390 millionar kroner per 31.12.2022 og hovudendringa skuldast opptak av ny langsiktig gjeld.

I tillegg har konsernet gjennom dotterselskapa Eide Fjordbruk AS og Norforsk AS unytta trekkfasilitetar på til saman 110 millionar kroner. Konsernet er, slik styret vurderer det, svært solid og godt rusta for vekst.

Selskapet Eide Fjordbruk Holding AS hadde ei omsetning på 2,0 millionar kroner i 2023 (2022: 4,7 millionar kroner). Selskapets årsresultat vart 50 millionar kroner mot -20 millionar kroner i 2022. Resultatet og inntektene består i hovudsak av urealisert verdiauke på aksje- og rentefond (+48 millionar kroner).

Sentrale risikofaktorar

Resultata til selskapet varierer i takt med utviklinga i lakse- og aureprisane. Marknadsprisane har det siste året vore historisk høge, og høgare enn i 2022. Dette har bidrege til det solide resultatet i Eide-konsernet òg for 2023. Eide sel i hovudsak fisk i spotmarknaden, og svingingar i lakse- og aureprisane påverkar derfor straks resultata i konsernet. Styret vurderer jamleg om det er aktuelt å sikre delar av prisisikoen gjennom bruk av finansielle kontraktar, men hadde ingen slike posisjonar per 31.12.2023.

Konsernet har renteberande, ekstern gjeld og er derfor òg eksponert for risiko knytt til ein auke i rentenivået. Samstundes er det inngått ein rentebytteavtale som reduserer renterisikoen betydeleg. Det er derfor styret si vurdering at denne risikoen er relativt låg.

Kredittrisikoen på faste kundar kan tidvis vere stor sidan konsernet har få kundar. For å redusere kredittrisikoen vert kundane følgde tett og det er god dialog ved uteståande fordringar. Konsernet nyttar og kredittforsikring for å redusere risikoen ytterlegare. Det er historisk få tap på fordringar.

Eide har i liten grad direkte eksponering mot valuta, men blir påverka indirekte gjennom at sluttkundane i stor grad er utanlandske. Ei endring i særleg eurokursen vil derfor påverke prisen me oppnår i norske kroner. Prisen på råvarer som fôr blir og påverka av endring i valutakursar, særleg dollar-kursen.

Konsernet har ei kontantbeholdning på 155 millionar kroner og god likviditet. Likviditetsrisikoen blir rekna som låg.

Selskapet er òg eksponert for operasjonell risiko i form av mellom anna biologisk risiko og risiko for rømming av fisk. Dette er ibuande risikoar ved akvakulturverksemd og eit viktig fokusområde i selskapet sin strategi for styring av risiko. Oppdrett av laks og aure skjer i anlegg som er kontinuerleg eksponerte for naturkreftene. I tillegg vil det alltid vere ein viss sjukdomsrisiko og annan biologisk risiko. Grunna overgangen frå ferskvatn til sjøvatn er den biologiske risikoen særleg stor dei første vekene etter smolten kjem i sjø. I tillegg er risikoen auka i forbindelse med mekaniske behandlingar mot lakselus og i periodar med svært høg vassstemperatur.

Selskapet er eksponert for klimarisiko. Klimarisiko kan kategoriserast i fysisk risiko, overgangsrisiko og ansvarsrisiko. Fysisk risiko er knytt til potensielle fysiske endringar for verksemda knytt til dei faktiske klimaendringane. For lakseproduksjon er denne vurdert som moderat på kort sikt, og moderat til høg på lang sikt, då eksempelvis høgare havtemperatur kan gje dårlegare produksjonsvilkår eller føre med seg nye agens eller predatorar. Styret vurderer at overgangsrisikoen er låg då akvakulturproduksjon har lågt klimaavtrykk. Ansvarsrisiko er òg vurdert som låg, då laks og aure er sunne og trygge matvarer med eit lågt klimaavtrykk samanlikna med dei fleste andre former for produksjon av animalske protein.

Konsernet og sjømatnæringa elles er òg framleis eksponert for betydeleg risiko knytt til marknadstilgang til sentrale marknader. Styret vurderer risikoen som moderat, men aukande. Dei viktigaste årsakene til dette er knytt til ei meir proteksjonistisk retning i dei største økonomiane i verda samt framveksten av landbaserte anlegg nær marknaden.

I tillegg til dette er selskapet og oppdrettsnæringa eksponert for betydeleg politisk risiko. Den politiske risikoen er knytt til mellom anna uforutsigbare rammevilkår og potensielle nedjusteringar i produksjonen som følge av trafikklyssystemet og frå vilkårleg skattepolitikk. Innføringa av trafikklyssystemet har medført stor usikkerheit, særleg for oppdrettarar i raude produksjonsområde. Innføringa av grunnrenteskatt på havbruk, kombinert med auka produksjonsavgift, auka utbytteskatt og auka formuesskatt har medført svært stor usikkerheit i heile næringa.

Morselskapet sin risiko er i hovudsak knytt til utviklinga i marknadsprisane på laks og aure gjennom dotterselskapet Eide Fjordbruk, samt marknadsrisiko knytt til morselskapet sine investeringar i aksje- og rentefond. Selskapet har teikna styreansvarsforsikring som gjeld for styremedlemmer og leinga i konsernet.

Miljø og berekraft

Styret reknar produksjon av laks og aure i sjø i Noreg som ein av dei mest effektive måtane å produsere mat på. Eide ønskjer å bidra til ei berekraftig utvikling av matproduksjonen i verda ved å produsere sunn mat i sjøen. Likevel ser me at også denne måten å produsere mat på set fotavtrykk, og konsernet arbeider bevisst for å halde påverknaden på det ytre miljøet på eit minimumsnivå.

Oppdrett i opne merdar medfører òg ein risiko for rømming. Rømt laks kan ha negativ innverknad på vill laks og sjøaure. Konsernet har ikkje hatt rømming frå nokre av sine anlegg verken i 2023 eller i 2022. For å redusere risikoen knytt til rømming arbeider selskapet både med å utvikle nye produksjonsmetodar samtidig som ein arbeidar kontinuerleg for å førebyggje rømming.

Oppdrett av laks og aure i opne merdar medfører spreiding av lakselus. Store mengder lakselus kan påverke fiskehelsa til oppdrettslaksen og kan òg ha negativ innverknad på vill laks og sjøaure. Selskapet arbeider målretta for å halde lusemengda på eit lågt nivå og for å minimere bruken av medikamentell behandling gjennom ein kombinasjon av å bruke rogn og før som førebyggjer lus, og å investere i utstyr for ikkje-medikamentell behandling av fisken.

Konsernet rettar seg etter alle reglar og påbod for handtering av fisk, fiskefôr og avfall og har internkontrollsystem som bidreg til å sikre dette. Selskapa i Eide-konsernet er òg sertifisert etter Global GAP-standarden for akvakultur. Styret kan ikkje sjå at selskapet forureinar det ytre miljøet på skadeleg eller ulovleg vis. Selskapet er underlagt kontroll av miljøvernavdelinga hos Fiskeridirektoratet og har i 2023 ikkje fått nokon pålegg i samband med desse kontrollane.

Samfunnsansvar

Eide-konsernet skal vere ein støttespelar og vise samfunnsansvar i dei kommunane vi har aktivitet i. Me ønskjer vekst og utvikling i bygdesamfunna og investerer kvart år delar av overskotet på tiltak som skal gjere bygdesamfunna rikare på gode møteplassar. Eide støttar ei rekke helsefremmande tiltak og aktivitetar i nærmiljøet. Eide er i tillegg ein viktig arbeidsgivar i mange lokalsamfunn og ei godkjend læreverksemd.

Ein viktig filosofi er å nytte lokalt næringsliv der det er mogeleg. Eide handlar difor bevisst det meste verksemda treng frå lokale og regionale aktørar. Me håpar og trur at det vil bidra til levande bygder i framtida òg.

Eide offentleggjer utgreiing etter Åpenhetsloven. Denne vil inngå i års- og berekrafttrapport for konsernet og bli tilgjengeleg på våre nettsider www.efb.no

FoU

Dotterselskapa i konsernet jobbar målretta med fleire ulike FoU-prosjekt, mellom anna innanfor utvikling av ny teknologi.

Framtidsutsikter

Styret ser at framtidsutsiktene for akvakultur og lakseproduksjon framleis er svært gode i eit langsiktig, globalt perspektiv. Lokalt er utsiktene for akvakulturnæringa i Noreg og særleg på Vestlandet meir usikre. Samstundes er etterspurnaden etter sunn mat som er produsert på ein berekraftig måte stadig aukande, og prisane på laks og aure har vore gode dei siste åra. Etter utbrotet av krigen i Ukraina har det vore ei kraftig auke i råvareprisar for korn og andre ingrediensar som inngår i laksefôr, som igjen har gitt ei betydeleg auke i kostnadsnivået for laks. Styret forventar at kostnadsnivået vil halde seg på eit høgt nivå òg framover, men ventar at dette vil verte kompensert for gjennom høge prisar på laks. Styret forventar eit slaktevolum om lag på nivå med 2023.

Styret presiserer at vurderingane av framtidige forhold er usikre. Den viktigaste faktoren som vil påverke det framtidige resultatet, er utviklinga i lakseprisen, men utviklinga i lusenivå, fôrprisar og valutakursar vil òg ha mykje å seie. I tillegg vil eksterne faktorar som innføring av nye skattar og potensiell nedjustering av produksjonskapasitet grunna raud farge på trafikklyset i våre produksjonsområde ha ei betydeleg negativ påverknad på dei framtidige resultatane våre og på vår evne til å gjennomføre større investeringar.

Tilsette

Styret vurderer arbeidsmiljøet som godt. Konsernet har hatt fire arbeidsuhell som har medført skade i 2023, mot eit arbeidsuhell i 2022. Uhell medførte ikkje sjukefråvær eller alvorleg skade. Sjukefråværet for 2023 utgjer samla sett om lag 3% og er på nivå med 2022.

Konsernet hadde ved utgangen av rekneskapsåret 102 faste heil- og deltidstilsette. 19 av desse er kvinner. Morselskapet har ingen tilsette. Styret i selskapet består av to menn og éi kvinne. Styreleiaren er kvinne. Både selskapet og styret har som mål at det skal vere full likestilling mellom kvinner og menn, og ein arbeider kontinuerleg for å nå dette målet.

Styret i konsernet er svært godt nøgd med alle tilsette sin arbeidsinnsats, dette har heilt klart vore viktig og avgjerande for årets gode resultat. Me ynskjer å takke alle våre tilsette for innsatsen.

Bruk av overskot

Eide Fjordbruk Holding AS hadde i 2023 eit årsresultat etter skatt på 50 millionar kroner, mot eit årsresultat etter skatt på -20 millionar kroner i 2022. Årsrekneskapen er avlagd under føresetnad om framleis drift. Styret foreslår et utbytte på 30 millionar kroner. Styret foreslår at årsresultatet for 2023 vert disponert slik:

Foreslått utbytte:	30 000 000 kr
Til annan eigenkapital:	<u>20 179 905 kr</u>
Totalt disponert:	50 179 905 kr

Eidestøa, 7. mai 2024



Sondre Eide
Styremedlem/
Dagleg leiar



Erlend Eide
Styremedlem



Randi Herre Eide
Styreleiar

Resultatrekneskap

Tal i heile norske kroner

Morselskap			Konsern		
2023	2022	Note	2023	2022	
2,042,928	4,660,000	Salgsinntekter	2, 8	1,516,639,941	1,217,700,091
0	0	Andre driftsinntekter		36,011,533	73,509,724
2,042,928	4,660,000	Sum driftsinntekter		1,552,651,474	1,291,209,815
0	0	Beholdningsendring egentilvirkede varer	12	21,654,793	-4,151,654
0	0	Varekostnad		722,443,391	618,368,863
342,300	342,300	Lønnskostnad	3	107,346,869	66,949,713
1,756,583	1,609,606	Avskrivninger	5	65,508,006	71,850,425
0	0	Nedskrivninger	5	0	12,750,802
1,972,734	2,001,173	Andre driftskostnader	3	306,369,964	157,720,313
